Sekretariatslederne ble spurt om det foreligger planer eller utredninger som kan medføre endringer i de samme forholdene som politikerne ble spurt om. Relativt få av sekretariatslederne bekrefter at det foreligger konkrete endringsplaner. Det mest aktuelle kan være å endre formål eller oppgaver for regionrådet, som nevnes av rundt en fjerdedel. Som den minst aktuelle endringen vurderes endringer i antall medlemskommuner og overføring av beslutningsmyndighet til regionrådet. Bare rundt 10% kan vise til planer eller utredninger som kan gjøre slike endringer aktuelt.

PS 88/18 Delegerte saker



BYKLE HOTELL AS
Sarvsvegen 2
4754 BYKLE
E-post:

Setesdalsamarbeid

Bykle, Valle, Bygland,
Eyje og Hornnes

Vår ref.:
2018/73-2

Sakshandsamar:
runar.granheim@setesdal.no

Dato
13.11.2018

Delegasjonssaknr.: 37/18

Svar på søknad om støtte til ny logo/profil, Bykle Hotell

Syner til søknad datert 26.10.2018, om støtte til arbeid med ny logo og profilmateriale. De søker om støtte til innkjøp knyttet til grafisk design, logoskilt og anna utskifting av profileringsmateriale, med ei bereikna kostnadsramme på 90.000.

Administrativt vedtak:

I medhald av delegert fullmakt løyver dagleg leiar **45.000,-** i støtte til Bykle hotell, for arbeid med ny logo og arbeid knyttet til dette.

Støtta kan gå til tenestekjøp, utskifting av profileringsmateriale, eige arbeid o.l. Tilsegnet gjeld i eit år frå de har motteke det.

Løyvinga hentast frå ansvar 5000, ledig ramme.

For utbetaling må de sende inn dokumentasjon på kostnader, fakturakopiar, timelistar o.l.
Ver grei å oppgje kontonummer for utbetaling.

Med helsing
Setesdal regionråd

Rita Hansen
dagleg leiar

Runar Granheim
rådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur.

Klageadgang:

De har høve til å klage på vedtaket. Klaga må sendast dagleg leiar i fondet innan 3 veker etter mottakinga av dette brevet. Klaga skal sendast Setesdal regionråd, Pb 4, 4747 Valle. Det må gå fram av klaga kva del av vedtaket de ynskjer å endre og kva for grunngjeving de har for klaga.

Stadfesting av mottaking av løyving – ev utfyllande opplysingar:

Vi gjer merksam på at vi rapporterer alle løyvingane frå regionalt næringsfond til Kommunal og regionaldepartementet og at det difor er viktig at du som mottakar gir ev. tilleggsopplysingar som trengst i høve EØS-regelverket, sjå nedanfor.

EØS-reglar for offentleg støtte og løyvingar frå regionalt næringsfond

Løyvinga er i høve reglar om bagatellmessig støtte, jf Kommisjonsforordning (EF) nr 1998/2006 av 15.des 2006 om bruk av EF-traktaten sin artikkel 87 og 88, publisert i EU Tidende 28.12.2006 nr L379. I følgje desse reglane kan støttemottakar / verksemd ikkje motta meir enn til saman 200 000 Euro over eit tidsrom på 3 rekneskapsår frå samlege støttekjelder. Tilbodet om løyving føreset at ei ikkje kjem i konflikt med denne regelen.

Verksemd eller støttemottakar er ansvarleg for at alle offentlege subsidier eller tilskott ikkje overstig 200 000 Euro (for tida ca 1,5- 1,6 mill NOK – avhengig av kronekursen) til saman i løpet av dei siste tre rekneskapsåra. Som støttemottakar må du sende skriftleg eller elektronisk stadfesting på at det ikkje er motteke tilbod om annan bagatellmessig støtte i inneverande og de to føregåande rekneskapsåra – eller oppgie motteken støtte (beløp, støttekjelde, tidspunkt for tilbod). Ved eventuelle nye søknader om offentleg støtte (uansett støttekjelde) har støttemottakar plikt til å opplyse om tidlegare tilskott dei 3 siste rekneskapsår frå tilbodstidspunkt.

Svar på tilbod om løyving - frist:

Vi syner til tilsagnet om løyving med vilkår og reglane som er referert til EØS-regelverket. Vi ber om tilbakemelding og stadfesting på om du tek imot løyvinga – samt ev. opplysingar om støtte siste 3 år jf. EØS-regelverket.

Svar utbes innan ein måned får dato. Du kan svare elektronisk eller pr post.



TD MASKIN AS
Setesdalsvegen 2359
4745 BYGLAND
E-post: drengose@hotmail.com

Setesdalsamarbeid

Bykle, Valle, Bygland,
Eyje og Hornnes

Vår ref.:
2018/72-3

Sakshandsamar:
rita.hansen@setesdal.no

Dato
19.11.2018

Delegasjonssaknr.: 39/18

Svar på søknad om oppstartstøtte til TD Maskin As

Syner til søknad datert 30.10.18 om støtte knyttet til oppstarten av entreprenørselskap. De søker om støtte til marknadsavklaring, profilutvikling og godkjenninger/sertifiseringar.

Administrativt vedtak:

I medhald av delegert fullmakt løyver dagleg leiar **50.000,-** i støtte knyttet til aktivitetar som er oppgjevne i søknaden. Løyvinga hentast frå regionalt næringsfond, ansvar 5303.

Støtta kan brukast til eige arbeid, tenestekjøp, arbeid med godkjenningar (sertifiseringar/løyve m.m) og andre aktivitetar i høve søknaden.

For utbetaling av støtta må de sende ein kortfatta rapport om arbeidet, samt evt timelister og anna dokumentasjon, som t.d faktura/kvitteingar, godkjenningsbevis o.l., samt kontonummer. Send dette til post@setesdal.no.

Løyvinga gjeld i eitt år frå de får dette tilsegnet.

Ver grei å oppgje kontonummer for utbetaling.

Med helsing Setesdal regionråd

Rita Hansen
dagleg leiar

Runar Granheim
rådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur.

Klageadgang:

De har høve til å klage på vedtaket. Klaga må sendast dagleg leiar i fondet innan 3 veker etter mottakinga av dette brevet. Klaga skal sendast Setesdal regionråd, Pb 4, 4747 Valle. Det må gå fram av klaga kva del av vedtaket de ynskjer å endre og kva for grunngjeving de har for klaga.

Stadfesting av mottaking av løyving – ev utfyllande opplysingar:

Vi gjer merksam på at vi rapporterer alle løyvingane frå regionalt næringsfond til Kommunal og regionaldepartementet og at det difor er viktig at du som mottakar gir ev. tilleggsopplysingar som trengst i høve EØS-regelverket, sjå nedanfor.

EØS-reglar for offentleg støtte og løyvingar frå regionalt næringsfond

Løyvinga er i høve reglar om bagatellmessig støtte, jf Kommisjonsforordning (EF) nr 1998/2006 av 15.des 2006 om bruk av EF-traktaten sin artikkel 87 og 88, publisert i EU Tidende 28.12.2006 nr L379. I følgje desse reglane kan støttemottakar / verksemd ikkje motta meir enn til saman 200 000 Euro over eit tidsrom på 3 rekneskapsår frå samlege støttekjelder. Tilbodet om løyving føreset at ei ikkje kjem i konflikt med denne regelen.

Verksemd eller støttemottakar er ansvarleg for at alle offentlege subsidier eller tilskott ikkje overstig 200 000 Euro (for tida ca 1,5- 1,6 mill NOK – avhengig av kronkursen) til saman i løpet av dei siste tre rekneskapsåra. Som støttemottakar må du sende skrifteleg eller elektronisk stadfesting på at det ikkje er motteke tilbod om annan bagatellmessig støtte i inneverande og de to føregåande rekneskapsåra – eller oppgje motteken støtte (beløp, støttekjelde, tidspunkt for tilbod). Ved eventuelle nye søknader om offentleg støtte (uansett støttekjelde) har støttemottakar plikt til å opplyse om tidlegare tilskott dei 3 siste rekneskapsår frå tilbodstidspunkt.

Svar på tilbod om løyving - frist:

Vi syner til tilsagnet om løyving med vilkår og reglane som er referert til EØS-regleverket. Vi ber om tilbakemelding og stadfesting på om du tek imot løyvinga – samt ev. opplysingar om støtte siste 3 år jf. EØS-regelverket.

Svar utbes innan ein måned får dato. Du kan svare elektronisk eller pr post.

PS 89/18 Drøfting/orienteringssaker

PS 90/18 Orientering ymse repr / utval

PS 91/18 Førespurnader

**Setesdalsamarbeid**Bykle, Valle, Bygland,
Eyje og Hornnes

Saksmappenr: 2016/58 - 74

Arkiv:

Sakshandsamar: Rita Hansen

Saksframlegg

Setesdal regionråd

Saksnummer	Utval	Møtedato
92/18	Setesdal Regionråd - Styre	19.12.2018

Sluttrapport - prosjekt Setesdal grunder og samfunnsutvikling (SGOS)

Dagleg leiar tilrår:

A Styret i Setesdal regionråd godkjenner sluttrapporten «Setesdal grunder og samfunnsutvikling» under føresetnad at revisorgodkjent regnskap leverast.

B Styret i Setesdal regionråd ber dagleg leiar fremma sak til styret om korleis ein kan organisere ei vidareføring av næringslivsretta ordningar og –aktivitetar som rettar seg mot unge under 35.

C Styret i Setesdal regionråd gjev dagleg leiar fullmakt til å sette ubrukte prosjektmiddel i eige fond i påvente av styresak om vidareføring av aktivitetane som businessgruppa har hatt og til etablering av regionalt ungdomsråd.

D Styret i Setesdal regionråd gjev dagleg leiar fullmakt til å bistå dei kommunale ungdomsråda i prosessen med å etablere eit regionalt ungdomsråd. Formell skiping og vedtekter for regionalt ungdomsråd fremmast som sak til styret.

Saksutgreiing:**1. Bakgrunn for saka**

Prosjektperioden for «Setesdal grunder og samfunnsutvikling» er ut 2018.

2. Saksopplysningar

Prosjektet starta opp 01.06.16, da med prosjektnamnet «Setesdal Åhoi». Setesdal regionråd fekk tildelt kr 1.800.000,- i støtte frå kommunal- og moderniseringsdepartementet, under programmet for Næringsutvikling og verdiskaping i fjellområda i 2017. Regionrådet har løyvd kr. 300.000,- i 2016, kr. 500.000,- i 2017 og kr. 500.000,- i 2018 til prosjektet. Frå Aust-Agder fylkeskommune fekk prosjektet eit tilskott på inntil kr. 500.000,-. Budsjett for prosjektet blei godkjent i styremøte 26. april 2017, PS 37/17.

Prosjektets eige beskriving av SGOS-prosjektet:

Setesdal Grunder- og Samfunnsutvikling skal styrke ungdom og unge vaksne si deltaking i samfunnsutviklinga,- både politisk, i næringslivet og kulturelt, - entrepenørskap i grunnskulane, politisk forankra ungdomsråd, støtte unge grunderar, marknadsføre Setesdal som ein gild stad å bu og leve samt skipe til ein stor festival som set Setesdal på kartet i heile landsdelen».

3. Vurderingar

Prosjektet er organisert som 4 delprosjekt, med ei styringsgruppe.

1 – Festivalgruppa

Festivalgruppa arrangerte Setr-festivalen 21.07.18 i Bygland. Festival vart godt besøkt, med omlag 500 betalande gjestar på kveldsarrangementet og mange på det opne dagsarrangementet – sjå også vedlagte sluttrapport. Festivalgruppa fekk kr 400 000,- av prosjektets middel, og det var satt som vilkår at *Festivalen skal sikre at eit evt overskot gjeng til vidare drift* (vilkår nr 3 i tilsagnsbrevet). Festivalgruppa er oppretta som eit eiga AS – SETR AS - som framover står på eigne bein. Eventuell vidare aktivitet blir då på sjølvstendig grunnlag.

2 – Ungdomsråd

I prosjektperioden har ungdomsråd vert oppretta i Bygland, Valle og Bykle kommune, dermed har alle kommunane i Setesdal eigne ungdomsråd. Vidare arbeid med og i dei lokale ungdomsråda er det naturleg at kommunane sjølv står for. Når ungdomsråda har vært i drift noen tid og funnet sin form, tar ein sikte på å etablere eit regionalt ungdomsråd.

Dagleg leiar anbefaler at Setesdal regionråd gjev dagleg leiar fullmakt til å bistå i prosessen med å etablere regionalt ungdomsråd. Formell skiping og vedtekter for regionalt ungdomsråd fremmast som sak til styret.

3 – Landlivsgruppa og landlivskontakten

Landlivsgruppa har i perioden mellom anna laga filmen «Bu i Setesdal», spørjeundersøking, avisartiklar osv. Føremålet med landlivsgruppa og landlivskontakten har vært to-delt: økt tilflytting og rettleiing til, og oppfølging av, nye innbyggjarar. I sin sluttrapport anbefaler gruppa at det opprettast ei 100% stilling for at ein person kan arbeide med dette på fulltid, finansiert med 25% frå kvar kommune.

Dagleg leiar meiner at oppgåva med å rettleie og følge opp nye innbyggjarar høyrer naturleg heime i den enkelte kommune og bør følges opp lokalt. Å arbeide for økt tilflytting til Setesdal er eit langsiktig og grunnleggjande mål kommunane og regionrådet er opptekne av, også i det daglege. Ei eventuell konkret satsing i eit tilflyttar-prosjekt bør skje i eit eiga prosjekt som riggast som eit samspel mellom fleire aktørar og med ei brei og systematisk tilnærming.

4 – Businessgruppa

Businessgruppa har hatt fokus på næringsutviklingsarbeid innretta mot unge i alderen 16 – 35. Gruppa har arbeida med ungt entrepenørskap, arrangert seminar, ytt lågterskel fase 1 og fase 2 stønad og rettleiing til unge grundere. Dagleg leiar meiner det er eit stort potensiale i å ha næringslivsretta ordningar og -aktivitetar som rettar seg mot unge under 35. Erfaringane med businessgruppa har også vist at ordningar forvalta av dei unge sjølv kommuniserer godt med målgruppa.

Dagleg leiar anbefaler at Setesdal regionråd ber dagleg leiar fremma sak til styret om korleis ein kan organisere ei vidareføring av næringslivsretta ordningar og –aktivitetar som rettar seg mot unge under 35.

Vedtak sendast til:

Valle, den 07.12.2018

Rita Hansen
dagleg leiar

Bakgrunnen for prosjektet

Dette dokumentet oppsummerar prosjektet i korte trekk. Vedlagt ligg ein førebels reiknskapsrapport (desember 2018).

Setesdal regionråd består av fire deltakarkommunar, - Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle, - Setesdal, - og er eit dalføre med omlag 6800 innbyggjarar på ei strekning på rundt 20 mil. Og Setesdal, som til tross for stor rikdom på naturressursar og ein viss nærleik til kysten og fleire småbyar opplever at det er ei utfordring å halde på ungdom, og tilflytting av yngre folk.

Regionrådet arbeider for regional utvikling og med felles tiltak og utfordringar for kommunane, og tek gjerne operativt ansvar for prosjekt og utviklingsarbeid, og er gjerne eit bindeledd mellom kommunar/enkeltpersonar og fylkeskommunen og andre større aktørar som t.d Innovasjon Norge.

Samarbeidet med Aust-Agder Fylkeskommune er forankra i «Utviklingsplan Setesdal 2020», som er vårt partnerskapsdokument, med føringar for strategiske satsingar (<http://www.setesdal.no/getfile.php/2500136.2251.duqftsxxcr/Regional+utviklingsplan+Setesdal+20.pdf>).

Sentralt i vår strategi og målsetting står folketalsvekst, rekruttering, bulyst og eit dynamisk og lønsamt næringsliv. Med bakgrunn i dei nemnde utfordringane mtp fråflytting, - ungdommane flyttar ut og kjem ikkje tilbake, -vert det arrangert eit eige Setesdalsmøte i Arendalsuka 2015. Dette vara eit panel der dei unge fekk legge fram utfordringar og moglegheiter i regionen for politikarar og fylkesmann. Med dette møtet som bakgrunn vert tematikken løfta inn i Setesdal regionråd med ei tilråding om at ungdomsdeltaking, ung medverknad og tilflytting blir ein kritisk suksessfaktor for vekst og utvikling.

Og det er nettopp moment frå Setesdalsmøtet som vart sentrale i søknaden om midlar frå prosjektet «Næringsutvikling og verdiskaping i fjellområdene 2016», som i tildelinga fekk kr 1.800.000. I finansieringsplanen låg inne betydelege middel frå Regionrådet (300.000 i 2016 og 500.000 i 2017). Søknaden er forankra i styrevedtak 18.mars 2016. I tillegg fekk prosjektet ytterlegare støtta i 2018, på 500.000 frå Aust-Agder Fylkeskommune og 500.000 frå Setesdal regionråd.

Prosjektet får ei avrunding no ved utgangen av 2018. Prosjektrapport blir lagt fram med tilråding til element som skal vidareførast av administrasjonen for Setesdal Regionråd i møte i desember 2018.

Oppsummering

Setesdal Gründer og Samfunnsutvikling (tidlegare Setesdal Åhoi) har føregjenge sidan hausten 2016, og set punktum i slutten av 2018. Hovudfokus har vore å sette i gong tiltak som kan vere med å snu ei langvarig negativ utvikling med tanke på folketal, arbeidsplassar og ung deltaking i samfunnet. Prosjektet har vore mynta på, og drive av ungdom og unge vaksne. Gjennom ulike arbeidsgrupper og ei styringsgruppe har dei arbeidd med konkrete mål og delt arbeidet mellom seg. Styringsgruppa har hatt hovudansvar og mandat til å disponere prosjektets midlar, iht. styregodkjent budsjett, - og såleis har prosjektet hatt ein flat struktur mtp på ansvar, leiarskap og eigarskap, der hensikta var å sikre at dei unge sjølv fekk sitte i førarsetet i prosjektet. Setesdal regionråd har vore prosjekteigar, og har hatt operativt ansvar for sakshandsaming, vore sekretær og elles vore med som rådgjevar. Elles blei prosjektbudsjettet godkjent i styremøte i Setesdal regionråd 26.04.2017, i PS 37/17.

Ein ser at ein del av arbeidet let seg måle (kvantitativt), til dømes i antal unge gründerar som har fått støtte, at ungdomsråd er oppretta, at ein festival vert arrangert med godt resultat, - men ein god del

let seg ikkje måle kvantitativt. Spesielt ikkje på kort sikt, då tenker me på omgrep som til dømes «optimisme», «realiserte arbeidsplassar», «medverknad» og «tilflytting». Prosjektet har møtt nokre konkrete utfordringar, som til dømes småbruk/buplikt (som i og for seg ikkje er ei unik problemstilling), men også auka medvit om kva som fører til at folk flyttar ut,- eller hit. Mellom anna gjennomførte arbeidsgruppa «Landliv» ei undersøking på Facebook der dei søkte meir kunnskap om kvalitetar og manglar. Auka medvit hjå fastbuande om kva som fører til meir tilflytting, meir næring og meir deltaking i lokalsamfunnet er kanskje den største gevinsten av eit dette prosjektet, nettopp fordi det har vore til dels mange deltakarar involvert. Men det er som sagt ikkje lett å måle «auka medvit» i tal.

Statistikken generelt for utkantstrøk kan vere dyster lesing,- men sentralt i prosjektet har det vore å fokusere på den positive sida, at det er håp, ein kan faktisk gjere noko for å gjere det betre og meir attraktivt å bu og drive næring i Setesdal. Og målgruppa har heile tida vore ungdom og unge vaksne, dei i etablerarfasen.

Gjennom prosjektet har ein prøvd ulike verkemiddel og tiltak som kan vere med å snu den negative utviklinga, sikre meir engasjement, fleire arbeidsplassar og deltaking blant dei unge. Gjennom dialog med Setesdal regionråd undervegs har prosjektdeltakarane også kome med konkrete saker og forlag til tiltak og endringar som kan vere med å påverke i positiv retning. Representantar i dei ulike arbeidsgruppene har vore til stades på fleire styremøter i Regionrådet for orientere om arbeidet i prosjektet. Ei utfordring framover blir å vidareføre dei elementa som prosjektet har avdekkja som kritiske for vekst og utvikling i Setesdal, og som viktige for ungdom og unge vaksne. Den utfordringa gjeng mellom anna til kommunane i Setesdal og til Setesdal regionråd.

Iverksetting, struktur og organisering

Arbeidet byrja med stormøter fleire stader i regionen, der alle som ville kunne vere aktivt med i prosjektet, og med påfølgjande møter for å konkretisere måla, dele oppgåver mellom seg og for å opprette ei arbeidsdelt organisering og styringsgruppe. Heile tida har fokus vore ung medverknad og breidt eigarskap til prosjektet.

Konkrete mål i prosjektet:

1. Optimisme – og pågang av yngre folk som vil bu i Setesdal

a. Kartlegge / finne interessentar - aktuell kompetanse og relevant tilrettelegging/kopling internt i regionen

b. Min 10 «dokumenterte» tilflyttingar pr år relatert til prosjektaktiviteter eller med «landslivsmentor»-funksjon frå prosjektet.

c. Omdømebygging – styrkt attraktivitet gjennom merksemd på nye grep og publisering av undervegsrapportar og milepelar/ resultat undervegs i prosjektet – som kan vekke interesse eksternt og stoltheit og ny drivkraft internt.

d. Minst 6 årlege «gladsaker» publisert – om tilflytting / livsstilsvelgjarar/ nye verksemder/ ungt gründerskap

2. Fornyng av næringsutviklingsarbeidet innretta mot unge – i alderen 16 – 35

a. Dialogbasert utviklingsarbeid – minst 8 case fordelt i heile regionen i løpet av prosjektperioden

3. «Forsøksmentalitet» - gi makt og ressursar til ei prosjektorganisering - gjerne med følgjeforskning attåt. Utvikling og utprøving av nye arbeidsformer og bruk av ressursar innretta mot

- a. Ungdomsskolenivå
- b. Vidaregåandeskolenivå
- c. Ung vaksen / i etableringsfase og med relevant kompetanse til lokal arbeidsmarknad /til eigen jobbskaping.
- d. Ungt entreprenørskap og andre tiltak med forsterka samhandling mellom skule og arbeidsliv innafor reiseliv og besøksnæringane, natur, kultur , mat og foredling, landbruk med jakt og fiske osv – men og med å ta i bruk og utvikle teknologi i eksisterande verksemder og bransjar – t.d i høve vassdrag, energi, trebearbeiding. i. minst etablering av 10 nye elevbedrifter

4. Forløyse «skaparlyst» og gründerskap med utgangpunkt i naturgjevne moglegheiter og lokalt tilfang.

- a. Avsette «såkornsmillion» t.d. til gjennomføring av konkurransar, såkorn-ordning for ungt berekraftig gründerskap, risiko-medfinansiering for etablerte verksemder som skaper rom for fornying med å invitere yngre med annan kompetanse inn for å skape nye produkt/tenester – marknadsmoglegheiter. «Såkornsmillionen» må vere så stor at det er motiv og ressursar til å skape ny giv på noko dei unge (styringsgruppa) meiner er interessant.
- b. 10 nye etableringar/verksemder i prosjektperioden

5. Etablere prosjektorganisasjon med unge i føringa.

- a. At styringa/eigarskapet til prosjektet er så nær deltakarane som mogleg

6. Ressursar til gjennomføre arrangement som ungdomsting/-festival eller anna.

7. Etablere felles, regionalt ungdomsråd

Om gjennomføringa og arbeidsgruppene

Prosjektet bytta namn tidleg i perioden, frå Setesdal Åhoi, til Setesdal Gründer og Samfunnsutvikling (SGoS). Prosjekteigar er Setedal Regionråd, men er mynta på og drive av ungdom og unge vaksne i alderen 16-35 år. Prosjektet vert organisert gjennom ei styringsgruppe med hovudansvar og mandat til å disponere prosjektets midlar i medhald av styregodkjent budsjett, og vidare gjennom prosjektgrupper med kvar sine oppgåver og arbeidsområde. Administrasjonen i Setesdal regionråd har vore sekretær, teke seg av merkantile tenester og lagt til rette for møter og aktiviteter.

Ein har vore oppteken av god samhandling mellom prosjektdeltakarane og administrasjon,- det vere seg språkbruk i dokumenter, tilsegnsbrev og sakførebuing, samt sette av tilstrekkeleg tid,- og å vere «kjappe» når det har kome meldingar og ynskje frå deltakarane.

SGoS vart inndelt i desse arbeidsgruppene/temagruppene som sidan har jobba i sine grupper og hatt jamnlege møter gjennom heile perioden, medan styringsgruppa har hatt møter omlag ein gong i månaden:

«Businessgruppa»: 7 medlemmer i alder 16-20 år. Dei tilbyr mentorordning og har eigne støtteordningar for unge gründerar (opp til 35 år) under rettleiing frå 1.lina frå næringsarbeid i kommunane. Stikkord er lågterskelstøtte, rådgjeving, støtte, ungdom, og entreprenørskap på skulane. Dei har vore opptekne av å bidra til søknadsskriving, oppfølging heilt fram til etablering og av å etablere entreprenørskap som fag på skulane i Setesdal. Dette har dei gjort mellom anna med

samarbeid med Ungt Entreprenørskap. Det vart utarbeidd egne retningslinjer for støtteordninga som blei administrert av businessgruppa. Desse ligg vedlagt, saman med ein sluttrapport/evaluering frå businessgruppa.

- Har hittil (des 2018) gjeve støtte til 19 unge grundere,- nokre fase 1 og nokre vidare til fase 2 (faktisk etablering)
- Arrangert kurs og anna oppfølging for søkarane
- Gjennomført 2 innovasjonscampar på alle ungdomskulane i Setesdal i samarbeid med Ungt Entreprenørskap
- Delteke i Grûnderveka 2017

Landlivsgruppa: 5 medlemmer i alder 25-35. Opptekne av å legge til rette for tilflyttarar, samt marknadsføre Setesdal til folk i etablerarfasen. Såg at det var eit behov for ein «kanal» for folk utanfra som kunne svare på konkrete spørsmål om tomt, småbruk, arbeid og kvardagsliv. Oppretta ei eiga stilling med tittel «Landlivskoordinator», i 25-30 % stilling. Hensikta er altså å ha ein godt synleg ressursperson som kjenner tilhøva i heile regionen, som då kan vere ein kontaktperson for tilflyttarar både mtp tilgjengelege hus/eigedommar, jobbar, sosiale møteplassar og andre spørsmål. Dei har så langt fått fleire førespurnader frå folk som kan tenke seg å flytte til Setesdal og som treng hjelp mellom anna med å finne seg eit ledig småbruk.

I tillegg har landlivsgruppa jobba med å gjere regionen kjend gjennom ymse marknadsføring og kampanjar, t. d gjennom aktiv bruk av Facebook og andre sosiale medium. Til dette arbeidet har dei også fått oppretta ei stilling på ca 25 % . Dei har også produsert (gjennom tenestekjøp) ein del bilete og videomateriale til promotering av kvardagsliv i Setesdal. Materialet kan brukast av alle medlemmene i Setesdal regionråd til bruk i marknadsføring og profilering, samt av næringsliv i Setesdal. Eigen sluttrapport frå Landlivsgruppa ligg vedlagt.

- Produsert film/foto materiale til fri bruk i kommunar og næringsliv til promotering
- Oppretta Landlivskontakt for potensielle og faktiske tilflyttarar
- Produsert og promotert gladsaker til media, sosiale medier o.l

Festivalgruppa: 6 medlemmer i alder 17-19 år. Målet var å arrangere ein festival som skulle spegle moderne ungdomskultur i Setesdal, - jfr omdømmebygging og ungdom. Sentralt stod det å arrangere ein festival som er komen for å bli, og som kan vekse,- og på sikt gje arbeidsplassar. Festivalen fekk namnet SETR. Det vart også utarbeidd eigen retningslinjer for støtta til denne festivalen, desse ligg også vedlagt). Ei evaluering gjort av festivalgruppa ligg vedlagt.

- Arrangerte festival 21.07, over 550 betalande, fokus på born og unge
- Planlegg neste års festival i desse dagar

Ungdomsråd: Gruppa bestod av 3 medlemmer i alder 17-20 år. Visjonen i denne gruppa var å opprette Setesdal Ungdomsråd, samt å opprette lokale ungdomsråd i kvar kommune i Setesdal. Frå før var det berre Evje og Hornnes kommune som hadde eit etablert ungdomsråd. Kjernen i prosjektet er jo også nettopp å sikre at dei unge får reell innflytelse på samfunnsutviklinga i Setesdal og å dyrke samfunnsengasjementet blant dei unge. Dei jobba fram utkast til vedtekter som blei vedteke i alle kommunane samt i Regionrådet ila 2017.

- Ungdomsråd er oppretta i alle kommunane i Setesdal
- Arrangert fleire storsamlingar (opplæring og inspirasjon politisk arbeid) i 2017-2018.

Styringsgruppa: Styringsgruppa har hatt hovudansvar for gjennomføringa, og mandat til å disponere prosjektets midlar i medhald av styregodkjent budsjett. Gruppa bestod av gruppeleiarane i dei respektive arbeidsgruppene. Som observatør har ein av styremedlemmene i Setesdal regionråd vore med, i tillegg til administrasjonen i Setesdal regionråd.

Oppsummering prosjektet,- måloppnåing osv. Kan vi sette punktum?

Prosjektet synte eit tydeleg lokalt engasjement og bestod av ei grunnstamme av unge driftige menneske som ynskje å arbeide for meir liv og fleire folk i Setesdal. Prosjektet har gjeve ønskja effektar og mål i prosjektperioden, men med det i mente at nokre av måla er vanskelege å måle (t.d «optimisme», «samfunnsutvikling», antal tilflyttarar osv.).

Prosjektet har utvilsamt ført til auka fokus på korleis ein arbeider med næringsutvikling (særleg blant unge), korleis regionen kommuniserer med omverda og elles korleis dei unge blir involvert i samfunnsutviklinga.

Enkelte element frå prosjektet ynskjer ein å ha vidare fokus, etter innspel frå arbeidsgruppene:

- Lågterskel næringstøtte for gründerar under 35 år
- Entreprenørskap som satsingsområde på skulane
- Sikre etablering av regionalt ungdomsråd
- Fokus på velkomst av nye innbyggjarar, marknadsføre Setesdal som buområde o.l.

Utfordringar,- effekt, måling

Prosjektet har hatt som hovudmål å arbeide med konkrete tiltak som kan snu ei negativ utvikling i Setesdal med tanke på folketal,- unge flyttar ut, få i etablerarfasen flyttar heim att. Denne trenden er ikkje særskild for Setesdal,- tvert imot er det ei solid nasjonal,- ja, internasjonal trend. Det tettast seg til rundt dei store byane jfr Ssb (<https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/okt-flytteaktivitet-i-norge>).

Ein erkjenner at trenden er som den er, men at det likevel er mogleg å påverke utviklinga. Eit døme på dette er at «Landlivskontakten» stadig har rapportert om førespurnader frå bornefamiliar frå andre stader i landet som har eit ynskje om å flytte til Setesdal. Ofte er dei på jakt etter eit småbruk,- for å kunne leve livet på bygda og tett på naturen. Så syner det seg gjerne at det ikkje finnast småbruk eller liknande til sals, eller at dei ikkje finn akkurat det dei er på leit etter. På denne måten får ein dokumentert at det ein marknad,- men at det samstundes er eit lokalt «samfunnsproblem» at små gardsbruk og fleire hus blir bruka som feriehus. Sjå sak på Nrk Sørlandet frå 2013 (<https://www.nrk.no/sorlandet/folk-vil-ikke-selge-ubebodde-garder-1.10868710>).

Også annan statistikk har vore dyster lesing når det gjeld unge i Agder generelt, og då kan hende særleg for distrikta i regionen. Agder har hatt den høgaste andelen av unge under 30 år på arbeidsavklaringspenger. Generelt har Agder dårlege tal når det kjem til utdanningsgrad nasjonalt (<http://www.regionplanagder.no/media/7047198/Kunnskapsgrunnlaget-Regional-planstrategi-for-Agder-29-mars-2016.pdf>).

Generelt ser ein at mykje av det prosjektgruppene har jobba med handlar om å få til ei varig endring,- «samfunnsutvikling». Korleis ein marknadsfører Setesdal som buområde, korleis ein tek imot nye innbyggjarar, korleis ein involverar ungdom og unge vaksne i samfunnsutviklinga, og ikkje

minst korleis næringsarbeidet er innretta mot unge gründerar er store spørsmål, der utfordringane i stor grad gjeng til kommunane og til Setesdal regionråd.

Konklusjon

Me meiner at prosjektet har sett i gong viktige prosessar i arbeidet for å løfte Setesdal som region,- mellom anna med eit godt fordelt eigarskap og deltaking blant ungdom og unge vaksne i regionen. Det er eit poeng at dei som har vore med undervegs i prosessen syner eit sterkt ynskje og engasjement om at det skal vere liv laga i distriktet, - i Setesdal, der statistikk har fått vere statistikk.

Ein ser at ein del resultat av dette prosjektet ikkje let seg måle før det har gått ei viss tid,- om enn det let seg måle nokon gong. Som nemnt, «optimisme», «tilflytting» o.l er omgrep som til ei viss grad let seg måle, men det er ikkje like lett å forklare eventuelle funn med det eine eller det andre, isolert sett i hvertfall.

Det som blir spanande framover, er korleis ein klarar å ta desse erfaringane med seg vidare i lokalt næringsarbeid, skuleplanar, politisk arbeid og elles i offentleg sektor. Det vere seg eit målretta næringsapparat som treff unge grunderspirar, til at ungdomsråda blir involvert på ein skikkeleg måte i saker som angjeng dei. Det føreset god kommunikasjon mellom aktørane,- og at ein tek innspela frå dette prosjektet på alvor.

Sjå elles heimesidene til SGoS:

<http://sgos.no/>

Valle, 11.12.18

Med venleg helsing

Mari Bruun Jacob

Leiar i Styringsgruppa i SGoS

Runar Granheim

Koordinator for SGoS/rådgjevar Setesdal Regionråd



Bygland kommune var i heira nylig.
Av Ole Birger Lien
 Under markeringa delte ordførar Leiv Rygg Langerak ut alt frå gullklokker til gåvekort frå Egeje Gull og Sølv, alt etter kva den enkelte jublarant heist vilte ha som påskjening for minst 25 års innsats i kommunen.
 Anne Brit Lien fekk gåvekort frå Egeje Gull og Sølv, Økonomikonsulenten tok til å kommunen i mai

Sportsleg gåvekort
 Vigdis Røysland byrja som rektor på Byglandsfjord skule i 1988. Ho fekk gåvekort frå Intersport Egeje. Det gjorde også Liv Dagny Skj-

haldar i 1988. Liv Sigrun Upsal Tv-eit tok til som assistent i Bygland barnehage i august 1991. Ho vidareutdanna seg og har etter kvart blitt pedagogisk leiar. Også ho vilte ha sportsleg gåvekort. Det vilte også Karine M. Kjøtsvik. Ho byrja som fagarbeidar i Bygland kommune i juli 1988, og har vore i skulen på Byglandsfjord dei siste åra.
Byrja i Grendi
 Siv Homme, som fekk gåvekort frå Intersport, byrja som avdelings-

Grendi i
 ingsten Bar
 hjelp. Ho i
 list avbrekk
 tekk gåve
 Det gjørd
 vart tilsett
 og fekk g
 pløkkjenn
 som heit
 kort frå
 Diaz. H
 kommun
 Anne T
 som vill
 Ho arbe
 merkan
 i komit
 1991. C
 pensjon

Webdesign og reklamefilm frå Trond Haugå: Starta firma i Bygland

-Folk flest her i distriktet kan nok bli flinkare til å utnytte nettet betre, seier Trond Haugå (19) som i desse dagar har etablert sitt eige firma, Dream-Surf. Der tilbyr han kreativ digital marknadsføring.



Av Sigurd Haugsgjerd
 Han har fullført vidaregåande utdanning, jobba litt i Kristiansand før han valde å satse på eiga bedrift i Bygland. Gjennom

i si eiga verksemd i Bygland, han har fått ar m.a. Kjell Øyvind Berg og Liv Asne nd kommune for god hjelp i førebuinga.

Kontor opna i Bygland



Tone Bjørnson Kvaløyna har starta opp som vernetur i Bygland. Ho har fått til å ta med seg alle sine klientar og har etablert kontor her i kommunen.

Har du ein katt som skrant eller er du borte og treng hjelp med ein sjuk katt? No har Tone Bjørnson Kvaløyna (38) starta opp vernetur i Bygland.

med takservice!



Driftingen Alexander Bjørnstad frå Hornes er ute og tar seg av tak og takservice i Bygland. Han har starta opp Bjørnstad Takservice.

Vil skaffe søn
 Vasetter ser Bjørnstad stort potensiale i kvart ein busk i byggen. Eg skal ta på meg markering, om det er så han eller bygd. Då blir det å få spalte og skaffe til fers på skule til. Dette betyr og som kan bli ein del arbeid for søn. Vil kjepe traktor.

Fekk 60.000 kr. frå ungdomsprosjektet

60.000 kr. til ungdomsprosjektet i Bygland. Prosjektet er utarbeidd av ungdomsråda i kommunen.



Hadde felles samling: Oppstart for ungdomsråda

No er det ungdomsråd i alle kommunane i dalen. Det vart skipa til felles oppstartsmøte på Revnsnes hotell på Byglandsfjord siste dagen i januar.

Av Ole Birger Lien
 Til møtet kom Byglands-ordførar Leiv Rygg Langerak for å ønske ungdomen velkommen til samarbeid og politisk engasjement.

Varaordførar Knut Hagen (tv) og Olav Hovet Hanna dagregruppe då rådmanen i Valle gav Kommuneutvevrepresentanta gruppearbeid med helse som tema sist veke.

Kommunestyret om å drøfte, er kva krav og tiltak som vil vere viktige for helsestetesta i Valle kommune i åra som kjem. Olav Hovet (H) var klar på at med tanke på eldreomsorg er det viktig at dei eldre får bu

Vitjing frå Mandal
 Mandal barne- og ungdomsråd deltok også på samlinga. Saman med ungdomsprosjektet SGOs i Setesdal regionråd vart dei peika på at barn og unge har rett til å bli inkludert i alt som gjeld dei, og at utdeltaking styrkar demokratiet i bygd og by!

Det er trøng om plassen på Byrem

Som del av politiforberopetta eit avdeling politiet i Auneidal. Det skal åkje ber politioverbetjara til også Aseral, Hegged nardal skal høyngangpunktet skje personelet ha vnan 1. mars. Tin at det kan dra fram til no vore eigna lokale t



Frå oppstartsmøtet til ungdomsråda i Setesdal. Frå venstre: Emily Strand Hjorteland, Sara Mathea Helmersen, Endre Haven Hage-land og Anne Grouslund. (Foto: SGOs)

Prosjektrekskap SGOS

Ansvar	Konto	Konto (T)	Prosj	Prosj (T)	Beløp	Rev. budsjett
5501	39506	Bruk av bundne driftsfond (diverse) 5.5199.xxx	820	restramme/ledige midlar GOS ansvar 5501	-428 894	-429 000
			820	restramme/ledige midlar GOS ansvar 5501	-428 894	-429 000
5501	30505	Honorar (trekkpliktig)	821	Businessgruppa - grundermillion	17 850	0
5501	30509	Annen lønn og trekkpliktig godtgjørelse	821	Businessgruppa - grundermillion	1 180	0
5501	30801	Møtegodtgjørelse	821	Businessgruppa - grundermillion	25 000	0
5501	30802	Tapt arbeidsfortjeneste (ikke betaling til arbeids	821	Businessgruppa - grundermillion	1 389	0
5501	30990	Arbeidsgiveravgift av lønn og godtgjørelser	821	Businessgruppa - grundermillion	4 814	0
5501	31159	Annet matkjøp, servering	821	Businessgruppa - grundermillion	23 603	0
5501	31207	Hotellopphold m.v. ved tjenestereiser- se 11707 fo	821	Businessgruppa - grundermillion	8 072	0
5501	31300	Porto	821	Businessgruppa - grundermillion	63	0
5501	31401	Andre annonser	821	Businessgruppa - grundermillion	2 184	0
5501	31409	Annet vedr. annonse, reklame og informasjon	821	Businessgruppa - grundermillion	2 990	0
5501	31600	Kjøregodtgjersle v/ tenestereiser, kurs og opplæring	821	Businessgruppa - grundermillion	6 885	0
5501	31707	Taxi, fly, buss, bom, parkering m.m.	821	Businessgruppa - grundermillion	11 047	0
5501	31909	Andre leieutgifter - leige av møterom	821	Businessgruppa - grundermillion	4 845	0
5501	31959	Andre avgifter, gebyrer, lisenser m.v.	821	Businessgruppa - grundermillion	201	0
5501	32709	Andre konsulenttjenester	821	Businessgruppa - grundermillion	70 128	476 000
5501	34706	Næringstilskudd	821	Businessgruppa - grundermillion	10 000	295 100
5501	35506	Avsetning til bundne driftsfond (diverse) 5.5199.x	821	Businessgruppa - grundermillion	352 894	0
			821	Businessgruppa - grundermillion	543 146	771 100
5501	34706	Næringstilskudd	82101	Fabrikken Ungdomsklubb-Evje	0	22 000
5501	35506	Avsetning til bundne driftsfond (diverse) 5.5199.x	82101	Fabrikken Ungdomsklubb-Evje	22 000	0
			82101	Fabrikken Ungdomsklubb-Evje	22 000	22 000
5501	34706	Næringstilskudd	82102	Knut Kasin	0	90 000
5501	35506	Avsetning til bundne driftsfond (diverse) 5.5199.x	82102	Knut Kasin	90 000	0
			82102	Knut Kasin	90 000	90 000
5501	34706	Næringstilskudd	82103	Lars Nordgren Rysstad- Fase 1	20 000	30 000
5501	35506	Avsetning til bundne driftsfond (diverse) 5.5199.x	82103	Lars Nordgren Rysstad- Fase 1	10 000	0
5501	39506	Bruk av bundne driftsfond (diverse) 5.5199.xxx	82103	Lars Nordgren Rysstad- Fase 1	-10 000	-10 000
			82103	Lars Nordgren Rysstad- Fase 1	20 000	20 000
5501	34706	Næringstilskudd	82104	Svenn Kvaale Winther-Fase 1	0	5 000
5501	35506	Avsetning til bundne driftsfond (diverse) 5.5199.x	82104	Svenn Kvaale Winther-Fase 1	5 000	0
			82104	Svenn Kvaale Winther-Fase 1	5 000	5 000
5501	34706	Næringstilskudd	82105	Dagfinn Borgi-Fase 1	0	10 000
5501	35506	Avsetning til bundne driftsfond (diverse) 5.5199.x	82105	Dagfinn Borgi-Fase 1	10 000	0
			82105	Dagfinn Borgi-Fase 1	10 000	10 000

5501	34706	Næringstilskudd	82106	Trond Knutson Haugå-Fase 1	10 358	27 900
5501	35506	Avsetning til bundne driftsfond (diverse) 5.5199.x	82106	Trond Knutson Haugå-Fase 1	13 900	0
5501	39506	Bruk av bundne driftsfond (diverse) 5.5199.xxx	82106	Trond Knutson Haugå-Fase 1	-10 358	-14 000
			82106	Trond Knutson Haugå-Fase 1	13 900	13 900
5501	34706	Næringstilskudd	82107	Mona Bjørgum-Eliezzter Mendez Contreras-Fase 1	0	10 000
5501	35506	Avsetning til bundne driftsfond (diverse) 5.5199.x	82107	Mona Bjørgum-Eliezzter Mendez Contreras-Fase 1	10 000	0
			82107	Mona Bjørgum-Eliezzter Mendez Contreras-Fase 1	10 000	10 000
5501	34706	Næringstilskudd	82108	Joakim Berg-Fase 2	50 000	50 000
			82108	Joakim Berg-Fase 2	50 000	50 000
5501	34706	Næringstilskudd	82109	Tone B. Ryningen-Fase 2	60 000	90 000
5501	35506	Avsetning til bundne driftsfond (diverse) 5.5199.x	82109	Tone B. Ryningen-Fase 2	30 000	0
5501	39506	Bruk av bundne driftsfond (diverse) 5.5199.xxx	82109	Tone B. Ryningen-Fase 2	-30 000	-30 000
			82109	Tone B. Ryningen-Fase 2	60 000	60 000
5501	34706	Næringstilskudd	82110	Ole S. Lund-Fase 2	55 000	110 000
5501	35506	Avsetning til bundne driftsfond (diverse) 5.5199.x	82110	Ole S. Lund-Fase 2	55 000	0
5501	39506	Bruk av bundne driftsfond (diverse) 5.5199.xxx	82110	Ole S. Lund-Fase 2	-55 000	-55 000
			82110	Ole S. Lund-Fase 2	55 000	55 000
5501	32709	Andre konsulentttjenester	82111	Ragnhild O Nomeland fase-1/fase 2	18 750	19 000
5501	34706	Næringstilskudd	82111	Ragnhild O Nomeland fase-1/fase 2	0	60 000
5501	35506	Avsetning til bundne driftsfond (diverse) 5.5199.x	82111	Ragnhild O Nomeland fase-1/fase 2	60 000	0
5501	39506	Bruk av bundne driftsfond (diverse) 5.5199.xxx	82111	Ragnhild O Nomeland fase-1/fase 2	-18 750	-19 000
			82111	Ragnhild O Nomeland fase-1/fase 2	60 000	60 000
5501	34706	Næringstilskudd	82112	Svenn Kvaale Winther-Fase 2	0	80 000
5501	35506	Avsetning til bundne driftsfond (diverse) 5.5199.x	82112	Svenn Kvaale Winther-Fase 2	80 000	0
			82112	Svenn Kvaale Winther-Fase 2	80 000	80 000
5501	34706	Næringstilskudd	82113	Trond Knutson Haugå-Fase 2	15 000	30 000
			82113	Trond Knutson Haugå-Fase 2	15 000	30 000
5501	34706	Næringstilskudd	82114	Jon P. Vaagenes-Setesdal laser AS-Fase 2	0	35 000
			82114	Jon P. Vaagenes-Setesdal laser AS-Fase 2	0	35 000
5501	34706	Næringstilskudd	82115	Irslinger-utvikling og profilering-ref.2018/13-4	0	50 000
			82115	Irslinger-utvikling og profilering-ref.2018/13-4	0	50 000
5501	34706	Næringstilskudd	82116	Kim Andre Nomeland Thorstensen Byggmester 2017/26-76	0	30 000
			82116	Kim Andre Nomeland Thorstensen Byggmester 2017/26-76	0	30 000
5501	34706	Næringstilskudd	82117	Valdemar O Skreland, Enduro-Fase 1	0	11 000
			82117	Valdemar O Skreland, Enduro-Fase 1	0	11 000
5501	34706	Næringstilskudd	82118	Alexander Bjørndal, Takservice-Fase 1	4 387	10 000
			82118	Alexander Bjørndal, Takservice-Fase 1	4 387	10 000
5501	34706	Næringstilskudd	82119	Skogselskapet i agder, transport til naturbruksdag - ref.2018/67-2	0	20 000
			82119	Skogselskapet i agder, transport til naturbruksdag - ref.2018/67-2	0	20 000

5501	34706	Næringstilskudd	82120	Siren F. Holte, Hovslager-Fase2, Ref. 2017/26-83	0	40 000
			82120	Siren F. Holte, Hovslager-Fase2, Ref. 2017/26-83	0	40 000
5501	34706	Næringstilskudd	82121	Targeir Attestog, Dataspel-Fase1, ref.2017/26-88	0	12 000
			82121	Targeir Attestog, Dataspel-Fase1, ref.2017/26-88	0	12 000
5501	34706	Næringstilskudd	82122	Ekstremhandel.no, Leif Erik Birkeland-markedsføring, ref.2017/26-87	0	15 000
			82122	Ekstremhandel.no, Leif Erik Birkeland-markedsføring, ref.2017/26-87	0	15 000
5501	30509	Annen lønn og trekkpliktig godtgjørelse	822	Landlivsgruppa - landlivskontakten	948	0
5501	30801	Møtegodtgjørelse	822	Landlivsgruppa - landlivskontakten	1 500	0
5501	30990	Arbeidsgiveravgift av lønn og godtgjørelser	822	Landlivsgruppa - landlivskontakten	259	0
5501	31303	Telefonutgifter, mobilnett	822	Landlivsgruppa - landlivskontakten	176	0
5501	31409	Annet vedr. annonse, reklame og informasjon	822	Landlivsgruppa - landlivskontakten	2 750	0
5501	31600	Køregodtgjersle v/ tenestereiser, kurs og opplæring	822	Landlivsgruppa - landlivskontakten	5 978	0
5501	32709	Andre konsulenttjenester	822	Landlivsgruppa - landlivskontakten	121 225	1 149 000
5501	35506	Avsetning til bundne driftsfond (diverse) 5.5199.x	822	Landlivsgruppa - landlivskontakten	200 000	0
5501	39506	Bruk av bundne driftsfond (diverse) 5.5199.xxx	822	Landlivsgruppa - landlivskontakten	-100 000	-100 000
			822	Landlivsgruppa - landlivskontakten	232 836	1 049 000
5501	30505	Honorar (trekkpliktig)	823	Ungdomsråd	8 000	0
5501	30509	Annen lønn og trekkpliktig godtgjørelse	823	Ungdomsråd	873	0
5501	30801	Møtegodtgjørelse	823	Ungdomsråd	5 500	0
5501	30990	Arbeidsgiveravgift av lønn og godtgjørelser	823	Ungdomsråd	1 524	0
5501	31159	Annet matkjøp, servering	823	Ungdomsråd	19 255	200 000
5501	31600	Køregodtgjersle v/ tenestereiser, kurs og opplæring	823	Ungdomsråd	7 358	0
5501	31601	Kostgodtgjersle v/ tenestereiser, kurs og opplæring	823	Ungdomsråd	733	0
5501	31707	Taxi, fly, buss, bom, parkering m.m.	823	Ungdomsråd	10 903	0
5501	31909	Andre leieutgifter - leige av møterom	823	Ungdomsråd	7 321	0
5501	32709	Andre konsulenttjenester	823	Ungdomsråd	0	150 000
			823	Ungdomsråd	61 467	350 000
5501	30100	Lønn i faste stillinger	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	388 248	0
5501	30200	Sykevikarerer (bl.a. forskjøvet arbeidstid)	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	38 422	0
5501	30203	Ekstrahjelp	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	21 853	0
5501	30207	Periodisering lønn	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	25 000	0
5501	30209	Annen vikarlønn	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	448	0
5501	30300	Lønn i midlertidige stillinger	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	194 029	0
5501	30505	Honorar (trekkpliktig)	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	15 750	0
5501	30509	Annen lønn og trekkpliktig godtgjørelse	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	2 024	0
5501	30801	Møtegodtgjørelse	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	37 000	0
5501	30802	Tapt arbeidsfortjeneste (ikke betaling til arbeids	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	1 383	0
5501	30900	Pensjon, KLP	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	107 398	0
5501	30907	Kollektiv ulykkeforsikring	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	405	0

5501	30908	Kollektiv gruppelevsforssikring	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	496	0
5501	30990	Arbeidsgiveravgift av lønn og godtgjorelser	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	78 926	0
5501	30995	Arbeidsgiveravgift av opptjente feriepenger	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	2 893	0
5501	30996	Arbeidsgiveravgift av pensjon	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	3 771	0
5501	31159	Annet matkjop, servering	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	45 054	0
5501	31300	Porto	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	489	0
5501	31305	Etablering / bruk av internett	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	328	0
5501	31401	Andre annonser	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	3 120	0
5501	31409	Annet vedr. annonse, reklame og informasjon	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	63 888	0
5501	31600	Koyregodtgjersle v/ tenestereiser, kurs og opplæring	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	17 060	0
5501	31601	Kostgodtgjersle v/ tenestereiser, kurs og opplæring	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	280	0
5501	31707	Taxi, fly, buss, bom, parkering m.m.	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	4 750	0
5501	31909	Andre leieutgifter - leige av møterom	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	7 767	0
5501	32001	Kjop av inventar og utstyr	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	3 936	0
5501	32709	Andre konsulenttjenester	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	234 960	329 000
5501	37309	Annen refusjon fra fylkeskommuner	825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	-7 500	0
			825	Felleskostnader GoS - hjemmeside mv.	1 292 176	329 000
5501	34706	Næringstilskudd	826	Festival - arrangement	400 000	400 000
			826	Festival - arrangement	400 000	400 000
5303	34706	Næringstilskudd	691	Setesdølen AS - storavis "naturligvis"	25 000	25 000
5501	34706	Næringstilskudd	007	rest ramme/ledige midlar ansvar 5501-ymse satsingar og prosjekt		76 000
5501	35506	Avsetning til bundne driftsfond (diverse) 5.5199.x	007	rest ramme/ledige midlar ansvar 5501-ymse satsingar og prosjekt	76 000	
					2 697 017	3 300 000
Inntekter						
9900	37309	Annen refusjon fra fylkeskommuner (Oppland)			-1 800 000	-1 800 000
9900	37309	Annen refusjon fra fylkeskommuner (Aust agder)			-500 000	-500 000
		Eigne midlar			-1 000 000	-1 000 000
					-3 300 000	-3 300 000
Diverse løyvde midlar 2018						
5501	34706	Næringstilskudd*		Prosjekt 82113-82122	233 614	0
Sum ubrukte midlar SGOS					-369 370	

* prosjekt 82113-82122 er diverse tilskot som er gjeven ulike bedrifter. Tilskota har 1 års frist for utbetaling, med mogligheit for for forlengelse. Og må reknast som ein utgift i prosjektet.

Rapport landlivsgruppa

Landlivsgruppa vart etablert i starten av prosjektet og består av 5 representantar frå kommunane i Setesdal. Landlivsgruppa har jobba med å formidle det gode liv i Setesdal med kvilepuls i kvardagen og det å halde liv i bygdene. Lys i alle vindauge er eit sterkt ynskje for gruppa.

Me starta med å opprette ei 50 % prosjektstilling som me kalla landlivskontakten.

Landlivskontakten har hatt som mål å ta i mot førespurnader frå folk som kan vere interessert i å vite kva dei 4 Setesdalskommunane har å by på. Å vere ein kontaktperson for dei som ynskjer å flytte til Setesdal, og formidle informasjon og kontakt mellom kjøparar og seljarar av gardar, småbruk og bolegar. Det har kome førespurnader frå folk som ynskjer å kjøpe, samt om ledig arbeid og nokre av dei har lykkast med hjelp frå landlivskontakten.

Landlivsgruppa har hatt jamlege møter gjennom heile prosjektet der me har jobba med aktuelle saker og det me ynskjer å formidle om kva som gjer Setesdal til ein god stad å etablere seg og vakse opp. Landlivsgruppa har hatt som mål om å marknadsføre Setesdal som ein god plass å bu, gode oppvekstvilkår og mulegheiter for å skape sin eigen arbeidsplass. Me har i denne anledning brukt fotograf og regissør Anders Martinsen til å produsere film og bileter som viser kvardagen i alle kommunane i Setesdal med fokus på barnehage, skule, næringsliv, friluftsliv og sosiale aktivitetar. Filmen og bildane har blitt promotert gjennom heimeside og sosiale medier i prosjektet, og visjonen er at kommunane og næringsliv kan bruke det materialet som er laga i marknadsføring vidare.

Me har utarbeida ein spørjeundersøking i samarbeid med Ingvild Hovden på Hovdenkontoret, som har tatt for seg bulyst og blilyst i Setesdal for dei mellom 16-50 år. Målet var å finne ut kva som er viktig for dei som ynskjer å flytte til Setesdal og kva som er bra for dei som allereie bur her. Me fekk mange svar på spørjeundersøkinga, og Hovdenkontoret har utarbeida ein rapport, som me ynskjer kan verte nytta av kommunane og regionrådet i vidare arbeid for å auke innbyggjartala, samt gje nyttig data som synleggjer kva som kan leggjast til rette for, kva folk trivs me og om det kan vere tiltak for å behalde dei eksisterande innbuarana og auke tilflytning.

I prosjektperioden har me erfart at det å konkretisere mål, samt tal på personar som har flytta til Setesdal, er utfordrande og tidkrevjande. Me har bruka prosjektet til å rette søkelys på det me meiner er den største problemstillinga til kommunane i Setesdal framover, og det er å auke folketalet. Utan unge som vil etablere seg vil bygdene døy ut.

Me meiner at det er viktig at det materialet som har blitt produsert og utarbeidd i prosjektet må jobbast vidare med, og då er det viktig at det er ein person som arbeider med dette på fulltid. Den bør jobbe med å marknadsføre Setesdal som bu- område, formidle småbruk/hus, ledige jobbar, kvardagsliv, kontaktperson o.l. Me oppmodar at stillinga går over 4 år, for å faktisk kunne sjå ei verknad av arbeidet som blir lagt ned. Vårt forslag er at stillinga finansierast med 25% frå kvar kommune i Setesdal. Det meiner vi kommunane må ta seg råd til i ein så viktig sak.

Me kan sjå av dei to åra prosjektet har vart, at landlivskontakten har fått fleire førespurnader og aktivitet den siste tida, når ein opprettheld ei aktiv marknadsføringa.

Mot slutten av prosjektet har vi fått fleire førespurnader frå familiar som ynskjer å finne

passande småbruk, pr nå er det 5 familiar som «venter» på at det skal dukke opp noko. Det fins nok av gardar og småbruk som står tomme, men som likevel ikkje blir lagt ut for sal. Dette er også ein viktig del av arbeidet til denne stillinga, å kartlegge og opprette dialog med eigarar.

EVALUERING AV SETR- FESTIVALEN 2018



FESTIVALEN

—
21. JULI. 2018

SETESDAL, BYGLAND



24. JULI 2018

SETR AS
Kvålsvegen 3

Innholdsfortegnelse

Oppsummering	2
Gjennomføringsfasen	3
Dagtid.....	3
Kveldstid	4
Forberedelsesfasen	5
Kommunikasjon og samarbeid innad	5
Kommunikasjon og samarbeid utad.....	5
Samarbeidspartnere/sponsorer	6
Markedsføring	6
Frivillige.....	7
Artister	7
Økonomi	7
Annet: lysforhold og aktiviteter.....	8
Setr 2019	8
Økonomi	8
Struktur	9
Skjenkeordning	9
Konklusjon	10

Oppsummering

Setr-festivalen 2018 fant sted på Bygland 21. juli. Den 24. juli samlet styret i Setr AS seg for å evaluere gjennomføringen.

Festivalen var delt inn i et gratis dagarrangement og et kveldsarrangement med billettsalg. Det er seks lokale ungdommer i alderen 18-20 år som er initiativtakere til festivalen, og som gjennomførte den gjennom det nyopprettede firmaet Setr AS.

Som arrangører er vi jevnt over godt fornøyde med festivalen. Dagarrangementet startet noe kaotisk, men ble til slutt en god opplevelse med tilfredsstillende besøkstall. Kveldsarrangementet gikk for seg uten store problemer. Til denne delen var besøkstallene over all forventning; hele 539 mennesker gjestet Byglandsstranda denne kvelden, og vi overgikk dermed budsjettet antall besøkende.

Festivalen går alt i alt med et solid økonomisk overskudd, og vi har i ettertid stort sett fått gode tilbakemeldinger. Den klare konklusjonen er derfor at arrangementet var vellykket, men det foreligger både rom og nødvendighet for forbedring.

Evalueringen tar for seg hva som var positivt og negativt ved planleggingen og gjennomføringen av Setr 2018. De viktigste momentene ved videre drift vil være (1) økonomisk bærekraft, (2) klargjort struktur og (3) en forbedret ordning for alkoholserving.



Gjennomføringsfasen

Dagtid

Dagtidsskjemaet var preget av forsinkelser allerede fra start. LX Design, som sto for rigging av lyd, kom en time for sent, og dermed ble Vetles lydprøve og opptreden forskjøvet kraftig. Denne forsinkelsen kan naturligvis ikke vi som arrangører belastes for, men den gjorde at dagtidsskjemaet ble stressende for oss, i tillegg til at det var uheldig overfor artistene.

Det ble et stressmoment at det ikke var på plass frivillige ved arrangementets start. Dette skjedde som et resultat av kommunikasjonssvikt. Det burde videre ha vært klargjort på forhånd hva de frivillige skulle gjøre til enhver tid, i en enda mer konkret plan enn det som forelå.

Det var også problematisk at en del av utstyret ikke ble hentet før selve festivaldagen. Dette resulterte i at aktivitetene både ble forsinket og manglet organisering.

På tross av noen startvansker kom aktivitetene på plass etter hvert, og stemningen ble raskt løftet da luftboblene ble blåst opp og ungene fikk noe å leke med. Da Vetle begynte å synge var stemningen på museumstomta nærmest magisk, og på dette tidspunktet var det også mange tilhørere på området. Denne delen er vi svært fornøyd med.



Det oppsto sikkerhetsmessige problemer da noen av gjerdene rundt området begynte å velte på grunn av mye vind. Dette løste seg ved at vi sikret gjerdene på diverse måter. Det er en entydig erfaring at rigging av området, både infrastruktur og aktiviteter, i større grad burde foregå dagen før. Dette for å sørge for en mer profesjonell, mindre stressende og ikke minst tryggere gjennomføring av arrangementet.



Kveldstid

I overgangen fra dag- til kveldsarrangement var organiseringen noe problematisk, men dette gjorde ikke utslag i store konsekvenser. Her ble det igjen utsettelse i lydprøver som følge av forsinkelser fra lydfolkene side, og som følge av dette måtte programmet forskyves noe. Dette gjorde at artistene ble utålmodige og fikk redusert tid til å gjennomføre lydprøvene sine. Denne forsinkelsen forplantet seg naturligvis utover kvelden, hvilket gjorde det vanskelig for gjestene å forholde seg til programmet.

Billettregistrering og –kjøp gikk greit, tross noen utfordringer. En feil fra Ticketmasters side gjorde at billettene måtte registreres manuelt, og iZettle-maskinen som skulle brukes viste seg å ikke fungere. De frivillige løste disse utfordringene på en ypperlig måte, og dette forhindret at det oppsto lange køer i inngangen.

Husflidslaget gjorde en upåklagelig jobb med artistene. Det var fint for oss å bli avlastet her, og artistene var meget fornøyde med mottakelsen. Her er det ingenting å utsette på, og vi kommer garantert til å ha tett samarbeid med husflidslaget også til neste år.

Vi tror legitimasjonskontrollen ved inngangen var noe manglende, slik at 18-årsbånd ble delt ut også til 16- og 17-åringer. Denne oppfatningen er kun basert på observasjoner gjort av enkelte av styremedlemmene. Vi vil uansett sørge for en skjerpet kontroll neste år.

At skjenkeområdet lå så langt fra scenen som det gjorde, resulterte i en uheldig fordeling av menneskemassen; mange oppholdt seg på skjenkeområdet størsteparten av kvelden. Ved dette mistet musikken en del fokus. Vi fikk også en del umiddelbare reaksjoner fra publikum på at dette burde ha vært løst på en annen måte. Det er helt tydelig for oss at årets system ikke var en fullgod løsning, og skjenking på hele området vil være nødvendig for å sikre en bedre festivalopplevelse. På tross av denne hindringen har tilbakemeldingene fra publikum vært nærmest utelukkende positive, og vi har inntrykk av at de fleste storkoste seg.



Vi opplevde at det forekom svært lite vold under festivalen. Enkelte ble vist ut fra området fordi de var overstadig beruset, men dette er naturligvis også å forvente. Vaktene gjorde en særdeles god jobb, og de frivillige ble et bra supplement. Vi kunne med fordel ha hatt flere vakter, ettersom det utover kvelden viste seg et behov for å ha vakthold på mange områder til samme tid. Manglende belysning gjorde også at det tidvis var vanskelig for vaktene å gjøre jobben sin.

Det var noen få som lå i båt utenfor området, men dette ble ikke et så stort problem som vi hadde fryktet. Vi anser mulighetene våre for å motvirke dette som begrenset. Vi tror Facebook-innlegget vårt som spilte på den moralske forpliktelsen til å støtte opp om festivalen framfor å være gratispassasjer, hadde god effekt.

Nedriggsfasen burde ha vært bedre planlagt. Vi burde hatt frivillige til å bidra med dette slik at vi som arrangører ikke hadde behov for å være på plassen fram til klokken 4 på natta. Denne fasen var i tillegg noe ineffektiv. Dagen etterpå var det også noen misforståelser rundt rydding av området. Her burde det også ha vært gjort avtaler med frivillige på forhånd.

Forberedelsesfasen

Kommunikasjon og samarbeid innad

Vi hadde en relativt klar oppgavefordeling i gruppa. Dette var bra, men gjorde tidvis utslag i manglende samarbeid. En del oppgaver falt utenfor de enkeltes ansvarsområder og ble dermed ikke fanget opp før mot slutten. Den fortløpende oppgavedelegeringen har fra leders side vært noe manglende. Gruppemedlemmene burde samtidig i større grad ha tatt initiativ og stilt seg disponible til å ta oppgaver. Informasjonsflyten har i stor grad vært manglende og dårlig. Dette ble likevel betraktelig forbedret de siste månedene før festivalen.

Det er også enighet om at møtevirksomheten jevnt over har vært for sporadisk, og at varsler om møter har kommet for kort tid i forveien. Resultatet av dette har vært ineffektive møter med manglende deltakelse. Av disse grunnene trekker styret kommunikasjons- og strukturforbedringer fram som et av de viktigste punktene mot neste års festival. Tiltak for dette er beskrevet i evalueringens siste del.

Kommunikasjon og samarbeid utad

Vi opplevde tidvis dårlig kommunikasjon med eksterne aktører, som kommunen, Regionrådet og prosjektet SGOS. Her har vi fått en del negative tilbakemeldinger på at vi har

vært dårlige til å oppdatere aktørene og at vi tidvis har framstått som uprofesjonelle og useriøse. Dette er kritikk vi har tatt svært alvorlig ettersom den har kommet fra samarbeidspartnere som vi er helt avhengige av for å i det hele tatt gjennomføre Setr-festivalen. Den dårlige kommunikasjonen er etter vårt syn et resultat av mye usikkerhet, dårlige rapporteringsrutiner og stor arbeidsmengde for daglig leder.

Utenom de kommunale etatene opplevde vi også dårlig kommunikasjon med Jan Tore Leifsen på Bjoren Brygge og arrangørene av Gamaveka. Med Gamaveka fikk vi klargjort fordeling av området i siste liten, hvilket burde vært gjort lenge før. Her skal det likevel nevnes at vi opplevde arrangørene som lite imøtekommende. Jan Tore var på sin side imøtekommende, men vi ser i ettertid at vi burde ha hatt en mer konkret, og gjerne skriftlig avtale om fordeling av overskudd fra alkoholsalg.

I evalueringsprosessen trekkes det også fram at den manglende kommunikasjonen innad har gjort utslag i en dårligere kommunikasjon utad. Det er bred enighet om at dette punktet har vært en av de største utfordringene våre, samtidig som det er et av de punktene som er enklest å forbedre. Dette fikk vi erfare mot prosjektets slutt, da kommunikasjonen fløt langt bedre både innad og utad.

Samarbeidspartnere/sponsorer

Setr-festivalen har potensiale til å få langt flere sponsorer enn vi hadde i år. At vi nå har etablert oss som en festival som en stor andel av bygdas befolkning har hørt om, er med på å gjøre oss enda mer attraktive for næringslivet. I 2018 var vi passive på sponsorfronten, og la ikke ned den nødvendige innsatsen for å sikre flere samarbeid. Vi er likevel svært fornøyde med de samarbeidspartnerne vi har hatt, som har vært imøtekommende og gitt oss god hjelp.

Det ligger for øvrig potensiale i å skaffe samarbeidspartnere som kan stå for aktiviteter under dagtidsarrangementet. Her er det mulighet for å trekke inn lokale aktører, som dermed får viktig markedsføring, samtidig som aktivitetstilbudet forbedres og vi som arrangører blir avlastet.



Markedsføring

I siste delen av forberedelsesfasen hadde vi stor mediedekning. Vi hadde flere radioinnslag for NRK, og ble intervjuet av OpplevEveje, Setesdølen og Fædrelandsvennen. I tillegg til dette var vi aktive og hadde god respons på sosiale medier. Innleggene våre fikk etter hvert stort

engasjement og mange delinger. Vi hadde også stor suksess med give-away fra Dølen Hotel, som alene ga oss rundt 150 nye likerklipp på Facebook-siden vår.

Tidligere har markedsføringen vært noe manglende som resultat av litt uklar fordeling av samarbeidsoppgaver, samt usikkerhet rundt mye av arrangementet (derunder artister, frivilligbehov og festivalområdet utforming). Vedlikehold av nettsiden vår har også vært dårlig, hvilket igjen er et resultat av manglende delegering av arbeidsoppgaver.

Vi er fornøyd med Deformats arbeid med grafisk design; dette har bidratt til at vi har framstått som seriøse og profesjonelle. Det fargerike designet har sørget for blikkfang, og dette har dermed gitt oss mye oppmerksomhet. Plakatene vi hengte opp rundt hele Sørlandet burde ha inneholdt mer informasjon, f.eks. om billettkjøp og muligens noe om dagarrangementet. Under selve arrangementet fikk vi også brukbar mediedekning, og god omtale i etterkant av festivalen har gitt oss et godt grunnlag for videre drift.

Frivillige

Vi hadde i utgangspunktet en god frivilligplan og mange ønsket å stille opp for å hjelpe oss. Dette engasjementet er uten tvil en fordel med å arrangere en festival på en plass der «alle kjenner alle». Også her var kommunikasjonen likevel noe mangelfull, hvilket resulterte i at dagarrangementet ble noe kaotisk i starten.

Under kveldsarrangementet gjorde de frivillige en strålende jobb, og koordineringen gikk her så å si feilfritt. Våre frivillige viste seg å være løsningsorienterte der det oppstod problemer, hvilket sparte oss for mye arbeid.

Forbedringspotensialet her ligger i å lage en mer spesifikk plan som spesifiserer oppgavene til den enkelte; så konkret som mulig hva som skal gjøres til enhver tid.

Artister

Vi er fornøyd med artistene og line-up-en. Kommunikasjonen her har stort sett vært bra, og bookingansvarlig har gjort en svært god jobb. Vi er også fornøyd med antall artister og rekkefølgen de spilte i. Artistene ga også tilbakemelding på at de opplevde Setr som en godt organisert festival, og som en god opplevelse. De ga også uttrykk for at oppvarmingen de fikk av Husflidslaget var helt upåklagelig.

Økonomi

Økonomistyringen har vært gjennomgående god, og til å være ferske i bransjen har vi truffet relativt godt på budsjettene våre. Pengebruken har stort sett vært nøktern og ansvarlig. Det er ikke tatt ut lønn fortløpende, men det er utbetalt et måteholdent styrehonorar. Det er

lagt ned et godt stykke arbeid for å minimere kostnadssiden. Vi har eksempelvis prutet ned samtlige artistkontrakter, vi har påtatt oss henting av utstyr fra enkelte leverandører framfor å betale frakt og vi har utført regnskapsføring og andre administrative oppgaver uten bruk av konsulenter. Alt dette har gitt utslag i at vi ser ut til å få et overskudd på i underkant av kr. 200 000,-, som skal disponeres til videre drift.

Annet: lysforhold og aktiviteter

Foruten fokuspunktene over har styret et par bemerkninger til evalueringen.

Under arrangementet ble det tydelig at området burde ha vært noe bedre belyst. Dette hadde gjort det lettere for vaktene å holde oversikt over området. Det var også noe mørkt rundt matbodene, noe som nok påvirket deres omsetning ettersom de ble mindre synlige.

Aktivitetsansvarlig tar også selvkritikk for å ha vært sent ute med å komme i mål med dette. Det blir i ettertid tydelig at aktivitetene som foregikk på dagtid skulle ha vært klargjort tidligere, og blitt gjort klare til bruk dagen før.

Setr 2019

Etter en god gjennomføring i 2018, og store mengder erfaring, har vi et klart ønske om at Setr finner sted igjen i 2019. Vi ser et stort potensiale på Bygland; festivalområdet vårt er et flott område med god kapasitet, og forholdene ligger dermed til rette for både videre drift, samt langsiktig ekspansjon. Fem av seks medlemmer har sagt seg villige til å fortsette driften. Det er enighet om tre punkter som må vektlegges spesielt ved gjennomføringen av neste års arrangement: (1) økonomi, (2) struktur og (3) omorganisering av skjenkeordningen.

Økonomi

Årets festival hadde neppe blitt gjennomført uten den store støtten fra prosjektet SGOS, på grunn av stor økonomisk risiko. Vi er opptatt av å sikre at festivalen er økonomisk levedyktig før vi gjentar den. Vi mener Setr kan være en levedyktig festival selv uten disse midlene; det er etter vårt syn et stort potensiale i å hente midler fra både private og offentlige aktører. Vi ser for oss at finansieringen av festivalen, foruten billettsalg, kan skje gjennom:

- En utvidet sponsoravtale med Sparebanken Sør
- Flere og større sponsoravtaler med ander private aktører
- Midler fra kommune, region og fylkeskommune
- Midler fra Kulturrådet og/eller andre støtteordninger

- En skjenkeordning som sikrer oss en større andel av overskuddet

Vi tror det vil være mer attraktivt for lokale aktører å støtte opp om arrangementet nå som det har blitt gjennomført én gang og fått stor oppmerksomhet i Setesdal. At festivalen vår på mange møter er unik; den arrangeres av og for ungdom i et distrikt preget av demografiske utordringer, er et godt argument for å hente støtte fra det offentlige. For oss vil det være helt avgjørende å lykkes i å hente disse midlene, fordi det ellers vil være umulig å gjennomføre Setr 2019. Dette arbeidet vil derfor være den viktigste delen av planleggingsfasen.

Struktur

Av evalueringen styret har gjennomført kommer det tydelig fram at det er behov for strukturelle klargjøringer og forbedringer. Endringene som gjøres skal bidra til å minske usikkerheten, styrke samarbeidet og effektivisere driften. For å klare dette, vil vi blant annet:

- Omorganisere rollene til en del av styrets medlemmer
- Innarbeide mer forutsigbare rutiner for møter
- Anvende nye plattformer for kommunikasjon
- Utarbeide individuelle forventningsdokumenter

Omorganiseringen av rollene innebærer at noen av styrets medlemmer får et utvidet ansvarsområde, mens andre avlastes. For eksempel vil aktivitetsansvarlig få hovedansvar for hele arrangementets infrastruktur, og frivilligansvarlig vil få et utvidet ansvar for kommunikasjon utad. De nye møterutinene innebærer at møtetidspunkt avtales god tid i forveien, og at styremedlemmene forholder seg til disse tidene og stiller forberedt. Dette vil helt klart styrke kommunikasjon og effektivitet. Forventningsdokumentene skal bidra til å gjøre hvert enkelt medlem bevisst på sine oppgaver og sitt ansvar. Vi vil i tillegg ha avklare den enkeltes forventning til styret, og håper at dette også vil gi utslag i en forbedret bedriftskultur.

Skjenkeordning

Som festivalarrangører er vårt hovedfokus naturlig nok å gi publikum en best mulig festivalopplevelse. Av tilbakemeldingene vi har fått i etterkant av Setr 2018, er det helt tydelig at skjenkeordningen forringet opplevelsen. I 2019 vil det være helt nødvendig at skjenking kan foregå på hele området. Dette vil sikre en jevnere fordeling av gjestene på festivalområdet og sørge for at artistene får en bedre opplevelse på Setr. Det vil også bidra til at musikken får en større del av fokus – et kulturelt aspekt vi som arrangører er opptatt av å ivareta. Det vil dermed også styrke festivalen som helhet.

Å avlastes for eventuell problematikk rundt skjenking, var frigjørende for oss som førstegangsarrangører. Det er likevel et faktum at det også er et sterkt økonomisk argument

for at vi skal overta denne oppgaven. Foruten å gi oss direkte inntekter gjennom alkoholsalg, vil alkoholsalget også sørge for at vi overskrider momsgrensen, hvilket gjør at vi får mulighet til å få refundert utgående mva. En omorganisering av skjenkeordningen vil med andre ord bidra til å styrke både gjestenes opplevelse og bunnlinjen i Setr AS betraktelig.

Av disse grunnene vurderer styret omorganisering av skjenkeordningen til å være en av de viktigste oppgavene fram mot Setr 2019.

Konklusjon

Som arrangører av Setesdals eneste musikkfestival for ungdom mener vi vi har god grunn til å være fornøyde med det vi har fått til. Samtidig er vi opptatt av å etterleve kritikkpunktene som har kommet fram i evalueringsprosessen. Vi er opptatt av å styrke festivalens økonomiske soliditet og å styrke samarbeidet med lokale aktører som ønsker å hjelpe oss på veien. Uten bærekraft og lokal forankring vil festivalen bli en døgnflue. For å unngå det kommer vi til å jobbe hardt for å forbedre det som forbedres kan, og sikre en enda bedre gjennomføring i 2019.

Styret,

Setr AS

Retningslinjer fase 2 støtte; Setesdal Gründer og Samfunnsutvikling

Det er businessgruppa i SGoS som handsamar søknadane, som vidare godkjennes/underkjennes i Styringsgruppa.

Kva det er og kva som støttast

Fase 2 støtte gjevast til prosjekt som skal realiserast. Støtta gjevast for å hjelpe til i oppstartsfasen, som er den mest kritiske fasen i eit prosjekt. Døme på fase 2 støtte:

Etableringskostnader, investeringar (driftsmiddel, inventar, tilrettelegging i lokalar, leigekostnader, profilutvikling/marknadsføring, kompetansetiltak/ sertifisering, rådgjeving/tenestekjøp osv.

Støtta kan ikkje gjevast til innkjøp av varelager eller andre varer som er meint for vidareasal.

Støtta kan gjevast til aksjekapital, men det er eit krav at aksjekapitalen nyttast til å finansiere aktiviter/innkjøp iht forretningsplan og budsjett fyrste driftsår. Mrk at den som driv aksjeselskap må sikre at det er forsvarleg aksjekapital i høve drifta – til ei kvar tid.

I utgangspunktet støttast ikkje lausøyre/rullande materiell. Men SGoS har høve til å innvilge støtte til dette unntaksvis.

Det er viktig å vere klar over at innvilga støtte kun kan nyttast til det som er søkt om, og at mottakar må kunne dokumentere i høve samla utgifter i høve budsjettet som var grunnlag for støtta.

Løyvinga gjeld i eitt år frå tilsagnsbrev er sendt mottakar.

50 % av investeringsbehovet, støtte frå andre

Støtta kan maks vere på 50 % av investeringsbehovet. Dvs at om du har søkt om pengar for å pusse opp eit forretninglokale for 60.000, så har SGoS moglegheit til å støtte med 30.000 kr. Dersom det syner seg at oppussinga berre kostar 50.000, vil altså sluttsummen til utbetaling bli 25.000, sjølv om 30.000 er innvilga.

Dersom prosjektet også søker støtte frå andre, som t.d. Innovasjon Norge, m det opplysast om i søknaden. Støtte frå andre er ikkje til hinder for støtte frå SGoS, men kan vere med å bestemme kor mykje støtte som innvilgast.

50 % av det innvilga beløpet kan utbetalast umiddelbart når søkjar kan dokumentere at tiltaket er i gong,, dersom søkaren ber om det. Dei resterande 50 % utbetalast i etterkant, altså når prosjektet er realisert. SGoS har desse krava til dokumentasjon.

Vilkår:

Støtte frå SGoS kan berre gjevast til søkjarar i Setesdal og til etablering av verksemd her.

Dersom etableringa omfattar eksterne marknader/aktørar kan kravet fråvikast etter god grunngjeving. Dette må avklårast i samband med søknad/tilsegn.

Alle som mottek støtte må vere viljuge til å stille opp i marknadsføring/intervju for å inspirere andre til ungt gründerskap/samfunnsengasjement.

Dokumentasjon

Innan eit år, eller når heile beløpet bes utbetalt, må det føreligge to dokument.

1. Prosjektreiknskap: Full oversikt over kostnader og inntekter i prosjektet. Kvitteringar og annan betalingsdokumentasjon må leggest ved. Eige arbeid må dokumenterast med timeliste (datoar, antal timar).
2. Sluttrapport: Her skal du beskrive/dokumentere det som har skjedd i prosjektet. Beskriv korleis stoda er, om ting har gått etter planen eller ikkje.

Vilkår for støtte til Festival, SGoS

1. Mottakar av støtta må vere eit AS eller ANS.
2. Festivalen må levere godkjent reiknskap og dokumentasjon i etterkant av arrangementet, seinast innan årsskiftet same år som støtta utbetalast.
3. Festivalen skal sikre at eit evt overskot gjeng til vidare drift
4. Festivalen må ha program som også er tilpassa born og unge under 18 år.
5. Festivalen må ha fokus på lokale leverandørar av både varer og tenester der dette er mogleg og økonomisk forsvarleg.
6. Festivalen skal vere politisk/religiøst nøytral
7. Festivalen skal representere musikalsk og kunstnarleg breidde.
8. Festivalen må finne stad i Setesdal.
9. Støtta må brukast i henhold til forretningsplan og budsjett som er framlagt for styringsgruppa i SGoS.
10. Støtta utbetalast med inntil 100.000 kr av gonga, etter anmodning,- etter at dokumentasjon på utgifter og arbeid føreligg, forskotsvis dersom ein kan dokumentere komande kostnader og utgifter og eige arbeid. Støtta frå SGoS er på totalt 400.000 kr.
11. Festivalen må synleggjere SGoS` støtte og rolle i festivalen, i marknadsføring og på sjølve festivalen, samt vere opne for promotering gjennom SGoS.
12. Arrangøren må halde styringsgruppa/SGoS orientert om utviklinga undervegs i prosessen.

Runar Granheim

Prosjektkoordinator i SGoS

Jon Rolf Næss

Styreleiar Setesdal Regionråd



Foto øverst frå venstre: Rekordfestivalen, Anders Martinsen (x2), Spisekroken, Øystein Kvanneid

OM BULYST OG BLILYST I SETESDAL

Landlivsgruppa i prosjektet «SGOS» ønskte å finne ut meir om kva som skaper bulyst og blilyst i Setesdal.

I denne rapporten oppsummerer og kommenterer gruppa resultata frå spørjeundersøking gjennomført i september og oktober 2018.

INNHALD

1. SAMANDRAG	3
2. BAKGRUNN	4
3. GJENNOMFØRING AV UNDERSØKINGA	5
4. OM RESPONDENTANE	6
5. RESULTAT MED KOMMENTARAR	9
6. OPNE SPØRSMÅL	16
6.1. Relevante jobbtillbod for å flytte til mindre plass	16
6.2. Forslag til konkrete tiltak som gjere det meir attraktivt å bu i Setesdal ...	17
6.3. Andre innspel til arbeidet med å skape bulyst og blilyst i Setesdal	19
7. SAMANLIKNING AV SVAR FRÅ RESPONDENTAR SOM BUR I SETESDAL OG DEI SOM BUR ANDRE Plassar	21
8. KVA MED DEI SOM VURDERER Å FLYTTE FRÅ SETESDAL? ...	27
9. INNSPEL FRÅ DEI SOM KAN TENKE SEG Å FLYTTE TIL SETESDAL	31
10. AVSLUTNING	39
11. VEDLEGG	39

1. SAMANDRAG

462 respondentar i alderen 16 – 50 år har svart på spørjeundersøkinga, som hadde 21 spørsmål. 56,7 % av respondentane kjem frå Setesdal, og 56,3 % bur her no. Berre 13,2 % er under 24 år gamle.

Mange av spørsmåla dreier seg om kor godt fornøgd respondentane er med ulike moment der dei bur no, og kva som er viktigast for at dei skal trivast. Det som går att er, ikkje uventa, at jobbmoglegheiter er det viktigaste for respondentane. Dette er også det respondentane som bur i Setesdal er minst fornøgde med.

Også godt nabolag/ miljø blir trekt fram som viktig for trivsel, og det ser ut til at respondentane i stor grad er godt fornøgd med dette. Om ein ser på kommentarane i dei opne spørsmåla er det ein del som kommenterer «bygdedyr» og ønskje om betre haldningar og verdiar, så det er nok moglegheiter for å bli betre.

Totalt er det 58 % som helst vil bu på småbruk eller gard, og 20 % vil bu i ein bustad i område for spreidd busetnad. Altså kan ein truleg konkludere med at dei som vil bu i distriktet ønskjer god plass rundt seg. Berre 3 % ønskjer å bu i leilegheit eller rekkehus.

Me har spurt dei som i dag bur i by eller tettstad med meir enn 10 000 innbyggjarar om kor viktig ulike moment er om dei skal vurdere å flytte til meir landlege omgjevnader. Igjen er det jobbmoglegheiter som er viktigast, med moglegheiter for friluftsliv på 2. plass. Så er det også 53 % av denne gruppa som svarar at naturnært bustadområde med ein bustader er «svært viktig». Av alle respondentane totalt er det 45 % som svarer at det er «svært viktig» med frittliggjande bustader med store tomter.

8,4 % av alle respondentane totalt seier at dei bur i Setesdal i dag, men vurderer å flytte herfrå. Me har sett nærmare på kva som er viktig for denne gruppa i punkt 8. Samstundes svarer 24 % av respondentane at det kan vere aktuelt å flytte til Setesdal, så her er det moglegheiter. Denne gruppa har me sett nærmare på i punkt 9. Vidare er det 38 % som seier at dei kan tenke seg å skape sin eigen arbeidsplass, og 13 % driv allereie for seg sjølv.

Me spurte respondentane om dei har forslag til konkrete tiltak som kommunane og/ eller næringslivet kan gjere så det blir enno meir attraktivt å bu i Setesdal. Tilbakemeldingar er oppsummert i punkt 6.2. Noko som går att er arbeidsplassar, næringsutvikling/ gründeroppfølging, fleire/ betre sosiale møteplassar/ aktivitetar for vaksne og attraktive (og store) bustadtomter. Mange kommenterer at buplikt må oppretthaldast, og at det bør førast ein politikk for at småbruk blir gjort tilgjengelige for dei som ønskjer å etablere seg – i staden for at dei forfell eller blir nytta som fritidsbustad.

I punkt 7 har me samanlikna svara frå respondentane som bur i Setesdal med svara frå dei som bur andre plassar. Me ser mellom anna at dei som bur i Setesdal er litt meir fornøgd med «generell trivsel», på konkret spørsmål om dette. Ikkje uventa er dei mindre fornøgd med sosiale møteplassar og jobbmoglegheiter. Og sjølvstundt meir fornøgd med moglegheiter for friluftsliv. Om me slår saman og ser på gjennomsnittleg tilfredsheit med momenta me har spurt om, så er dei som bur i Setesdal generelt litt mindre tilfreds enn dei som bur andre plassar.

Dette var ei oppsummering og samandrag av funna i spørjeundersøkinga, men me anbefaler sjølvstundt å lese heile rapporten.

2. BAKGRUNN

«Setesdal gründer og samfunnsutvikling» er eit prosjekt som opphavleg var støtta av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, og i 2018 blei prosjektet vidareført med støtte frå Aust-Agder fylkeskommune og Setesdal regionråd. Prosjektet var ei konkret oppfølging av «Ungdomspanelet frå Setesdal» som drøfta moglegheiter og utfordringar for unge i Setesdal under Arendalsuka 2015. Eit overordna mål for prosjektet er å gjere det endå betre å vere ung i Setesdal, endå lettare å etablere verksemd og å marknadsføre Setesdal som ein attraktiv stad å busette seg.

«Landlivsgruppa» er éi av gruppene i dette prosjektet, og det er denne gruppa som står bak spørjeundersøkinga som danner grunnlag for denne rapporten. Landlivsgruppa jobbar for å formidle det gode livet på landet med kvilepuls i kvardagen, og å halde liv i bygdene. «Lys i alle vindauge» er eit sterkt ønskje for gruppa.

Landlivsgruppa har oppretta prosjektstillinga «Landlivskontakten» - som eit slags informasjons- og servicekontor for dei som har flytta til Setesdal, eller som vurderer å gjere det. I tillegg har dei fått produsert ein film som syner det gode livet i Setesdal.

Denne rapporten tar altså føre seg det siste tiltaket i regi av Landlivsgruppa, ei spørjeundersøking som er gjennomført for å kartlegge kva som skaper bulyst og blilyst i Setesdal. Rapporten vil bli lagt fram for regionrådet og kommunane i Setesdal, og forhåpentlegvis vil nokre av resultatane som kjem fram her leggje grunn for tiltak for å fremje tilflytting og for å leggje til rette for at dei som bur her vil bli buande.



Foto: Anders Martinsen for Landlivsgruppa SGOS

3. GJENNOMFØRING AV UNDERSØKINGA

Landlivsgruppa har engasjert Ingvild Hovden til å hjelpe til med utarbeiding og gjennomføring av spørjeundersøkinga. Første planleggingsmøte blei halde 30.5.2018, og her drøfta ein kva ein ønskte å få svar på og kva som var relevante spørsmål i ei spørjeundersøking. Det blei jobba med spørjeundersøkinga og gjort justeringar i samråd med Landlivsgruppa fram til august, og den blei publisert 29.8.2018. Spørjeundersøkinga blei stengt 15.10.2018. For utarbeiding av spørjeundersøkinga og handsaming og analyse av data er programmet «Questback» nytta. Undersøkinga er gjennomført i tråd med nye reglar for personvern.

Det blei vurdert ulike metodar for å nå ut til eit stort og mest mogleg representativt utval. Profesjonelle tenester for dette er kostbart, og det blei derfor konkludert med at ein ville nøye seg med å dele informasjon om spørjeundersøkinga gjennom eigne kanalar. Spørjeundersøkinga er delt på ei lang rekke nettsider (regionrådet, kommunane og sgos.no) og facebooksider (kommunane, regionrådet, Landlivsgruppa og fleire). Mange har delt spørjeundersøkinga, og det er og annonsert på facebook for å nå fleire potensielle respondentar.

Spørjeundersøkinga hadde 21 spørsmål, og blei innleia slik:

«Landlivsgruppa i prosjektet «Setesdal gründer og samfunnsutvikling» ønskjer å finne ut meir om kva som skaper bulyst og blilyst i Setesdal. Me vil gjerne høyre frå flest mogleg i aldersgruppa 16 – 50 år, enten du

- *Er frå Setesdal, eller ikkje*
- *Bur i Setesdal, eller ikkje*
- *Kan tenke deg å flytte til Setesdal, eller ikkje»*

Det blei informert om at det ville bli trekt ut 5 vinnarar av dei som svarte, som kvar fekk eit gåvekort på 1000 kr frå ei valfri verksemd i Setesdal.

Totalt var det 462 personar som svara på undersøkinga. Ein kan ikkje seie at dette er eit tilfeldig utval av befolkninga, og det ville og vere vanskelig sidan målgruppa er folk både i Setesdal og i resten av landet. Ein meiner likevel at 462 er eit relativt høgt tal om ein tenker befolkninga i Setesdal, og at resultatata derfor er interessante og relevante.





Foto: Anders Martinsen for Landlivsgruppa SGOS

4. OM RESPONDENTANE


Som nemnd var det totalt 462 personar som svarta på spørjeundersøkinga. Under er presentert meir informasjon om respondentane. Nokre moment vil me kommentere spesielt:

- Berre 13,2 % av respondentane er under 24 år gamle. Altså har me litt lite data frå den yngste delen av målgruppa.
- 56,7 % av respondentane kjem frå Setesdal.
- 56,3 % av respondentane bur i Setesdal no.
- Av dei som kjem frå og/ eller bur andre plassar enn Setesdal, så utgjer «Anna plass i Agder» den største gruppa.


1. Kor gamal er du?




2. Kor kjem du frå?




3. Kjønn?




4. Kor bur du no?



17. Har du barn?



18. Har du kjæraste/ partner/ sambuar/ ektefelle?



16. Kva er di høgste fullførte utdanning?





Foto: Rekordfestivalen/ Martin Litwicki


5. RESULTAT MED KOMMENTARAR

Her vil me presentere og kommentere svara frå alle respondentane samla.


5. Korleis bur du no?




6. Kor viktig er desse momenta om du skal vurdere å flytte til meir landlige omgjevnader?



15. Kan du tenke deg å bu i Setesdal?




19. Dersom du kunne velje fritt - korleis vil du helst bu?



20. Kor viktig er/ var desse momenta ved val av utdanning?

Figur 5.5




Her ønskte ein å sjå om respondentane har tatt omsyn til kor dei ønskjer å bu i samband med val av utdanning. Viktigast svarar dei at det er å utdanne seg for å få ein interessant og meiningsfull jobb.

På alternativet for å få jobb der ein ønskjer å bu, har dei svart:

- 45 % «Svært viktig»
- 34,6 % «Litt viktig»
- 20,3 % «Ikkje viktig»

25. Kor fornøgd er du med desse tilboda der du bur no?

Figur 5.6



Her var svaralternativa:

- Bra
- Tilfredsstillande
- Dårlig
- Ikkje relevant/ viktig

Lågast tal/ kortast søyle viser kva respondentane er mest fornøgd med.

Moglegheiter for friluftsliv og generell trivsel kjem best ut, medan sosiale møteplassar og jobbmoglegheiter scorar dårlegast.

35. Kan du tenke deg å skape din eigen arbeidsplass?





Foto: Anders Martinsen for Landlivsgruppa SGOS

36. Kor viktig er desse momenta for at du skal trivast der du bur?



Her kunne ein for kvart moment krysse av for:


«Ikkje viktig» «Litt viktig» «Svært viktig»

Her er det høgst tal/ lengst søyle som viser kva respondentane har rangert som viktigast. Høgst her kjem altså «**Godt nabolag/ miljø**» og «**Relevante jobbmoglegheiter**», medan «Alpinsenter» og «Sentrumsnære bustader» er rangert som minst viktig.




Foto: Anders Martinsen for Landlivsgruppa SGOS


59. Her vil me gjerne at du skal rangere kva du meiner at er VIKTIGAST for at du skal trivast der du bur.




68. Kva var grunnen til at du flytta siste gong, i løpet av dei 5 siste åra? Fleire svar mogleg.



69. Kor vil du helst bu?



70. Nærleik til ein by - kva er maks avstand du synes er greitt til ein by frå der du bur?



6. OPNE SPØRSMÅL

Det blei stilt 3 opne spørsmål i spørjeundersøkinga. Alle kommentarar er tilgjengelige i vedlagt rapport som viser alle svara frå alle respondentar i undersøkinga. Her har me forsøkt å trekke ut essensen i tilbakemeldingar på opne spørsmål, og det som går att hos mange respondentar.

6.1. Kan du nemne ein eller fleire jobbar som kan gjere det aktuelt for deg å flytte til ein mindre plass?

Dette spørsmålet blei berre stilt til dei som har svart at ei bur i by eller tettstad med fleire enn 10 000 innbyggjarar. Det er stor spredning i svara, og ikkje noko som utmerker seg som spesielt attraktivt. Me har gruppert svara slik:

Yrke	Kommentar	Antal
Administrasjon/ forvaltning		5
Reiseliv		4
Handverkar/ mekanikar		4
Landbruk/ skogbruk		3
Helse	Fleire kommentert «Ikkje sjukeheim»	3
Friluftsliv/ idrett		3
Økonomi		3
Juss		2
Kreative yrke		2
Leiarjobb		2
Teknisk, kommunalt		2
Lærar		2

Me har ikkje tatt med yrke som berre er nemnd av éin respondent.

Figur 6.1



Foto: Anders Martinsen for Landlivsgruppa SGOS

6.2. Har du forslag til konkrete tiltak som kommunane og/ eller næringslivet kan gjere så det blir enno meir attraktivt å bu i Setesdal?

Her har me gruppert tilbakemeldingar i ulike tema, og sett dei inn i rekkefølge etter kor mange respondentar som har kommentert temaet. Tema som berre er nemnd av éin eller to respondentar er ikkje med i oversikta.

Tema	Kommentar	Antal
Skape fleire arbeidsplassar		45
Næringsutvikling, gründeroppfølging	Tilrettelegging, støtte, oppfølging, møteplassar	33
Fleire/ betre møteplassar og aktivitetar for vaksne		21
Attraktive (og store) bustadtomter	Mange nemner langs Byglandsfjord, 8 nemner store tomter	19
Buplikt, «Lys i alle vindauga»	Følgje opp politikk, tilrettelegge for at fråflytta hus og småbruk blir tilgjengelige	18
Betre kommunal forvaltning/ service	Mindre byråkrati, meir positive, mindre forskjellsbehandling, mindre «krangling»	18
Betre aktivitetstilbod/ møteplassar for ungdom		13
Betre haldningar og verdiar	«Kvele bygdedyret», homofobi	10
Bustadtilbod, leilegheiter	Inkl. leige	9
Betre aktivitetstilbod/ møteplassar for barn		9
Betre kollektivtransport	Inkl. internt transport aktivitetar/ bygder	9
Fiberutbygging og infrastruktur	Inkl. Rv 9	9
Støtte og tilrettelegge for kulturverksemdar og kulturtilbod	Inkl. musikkfestivalar	7
Utvikling turisme/ aktivitetar		7
Betre velkomst for tilflyttarar	Oppfølging, info, service	7
Sentrumsutvikling og arkitektur	Møteplassar og identitet	7
Profilering	Vise kor bra det er å bu i Setesdal	7
Fleire/ lenger snøskuterløyper		7
Betre skuletilbod	Inkl. vidaregåande	3
Satse på lokal arbeidskraft	Unngå mykje utskifting når folk brukar kommunale jobbar som «springbrett»	3
Støtte og tilrettelegge for organisasjonsliv	Vise at ein «ser» og set pris på all dugnadsinnsats	3
Betre tilbod for motorsport		3
Slå ned på ulovleg snøskuterkøyning		3

Figur 6.2

Me har plukka ut nokre av av kommentarane som dekker ein del av samla tilbakemeldingar:

«Sidan det ofte er arbeidsplassar det er mangel på er det viktig å stø dei som vil drive sjølvstendig. Gjera det mogleg/ gje fagleg hjelp og gjerne etablerarstønad til å drive eiga verksemd. Men ofte er det ikkje berre i startfasa, kanskje endå meir etter nokre år, ein treng rettleiing ... Kommunen bør sjå verdien av små verksemd/ enkeltmannsføretak, og stø opp om desse. Spesielt føretak starta av jenter/ kvinner! T.d. med låg leige på lokale; kontor-, verkstad-, butikklokale som ofte er kommunale. Med store sesongvariasjonar er det utfordrande å drive t.d. kafé, butikk, osv. ... Slik «stønad» (t.d. låg leige i stille mnd) er kanskje det viktigaste «tilskotet» ein kommune kan gje. ...

Bygdekommunar bør og satse meir på kulturbaserte/ kreative/ handverksbaserte små føretak ... Klarer ein å skape eit miljø så er det meir attraktivt for andre i same bransje (jmf kunstnarmiljø i Telemark, gründermiljø i Vågå m.m.). Kommunen bør også vera i stand til å gje gode råd i etablering, økonomi og drift, og engasjere seg også i små prosjekt. Ein sjølvstendig er ein arbeidsplass, også innan primærnæring som landbruk!

Og så er det viktig å sjå utdanning/ skule i saman med næring, t.d. den store verdien av VGS i Valle og Hovden. Her bør me vera flinkare til å stø lokalt opp, og skape nettverk med næringslivet. Og byggje på kvalitetar Setesdal alt har, ikkje late som me er ein annan stad ... Tradisjon og kultur i saman med nye impulsar er viktig å fremje – byggjer også identitet.

Til slutt: ungdomen som veks opp her er den viktigaste ressursen, det er viktig at dei får gode oppvekstmiljø, røtar, tru på heimstaden, og lyst til å koma heim att ein gong. Då er det mange som må spele på lag, skule, kommune, næringsliv, kultursektor. Kompetanse er viktig på alle plan. Lukke til!»

Sitat 1

«Eg trur flotte bustadtomter er viktig. På bygda bør me kunne ta oss «råd til» litt store tomter. Om ein skal bu tett i tett i bustadfelt, kan ein nesten like gjerne bu i byen ... Elles tenker eg tilrettelegging for og oppfølging av gründarar er viktig. Gjerne legge til rette for møteplassar for gründarar og næringsdrivande. Eg meiner og at sentrumsutvikling og arkitektur er viktig for å byggje identitet og trivsel.»

Sitat 2

«Mindre sladder og drittsnacking, særleg blant politikarar, mindre uthenging av kommunalt tilsette. Ordførar og kommunestyrepolitikarar bør slå ned på sladder og drittsnacking, ikkje vere ein pådrivar slik det er no.

Kommuneleiinga må lære seg forvaltningsloven m.m. for at ikkje enkelte grupper skal få «short cuttar» utan demokratisk handsaming. Kommuneleiinga skal sikre at alle innbyggjarane blir handsama mest mogleg likt og rettferdig – det er ikkje mitt inntrykk at det er slik no. Kjenner ein nokon som jobbar i kommunen blir nok alt mykje enklare.

Kommunen må jobbe med planar, skape brei medverking i planarbeidet og jobbe langsiktig.

Næringslivet må også fylgje med i tida, ved m.a. å lære seg sentrale lovar og reglar og respektere det.

Vi må rett go slett bli meir seriøse i alt, vi kan ikkje seie at sidan vi bur i utkanten er det greitt at mitt barn hoppar på ei offentleg trampoline utan sikkerhetsnett fordi ingen tørr seie noko. Vi kan ikkje seie at det er greitt at mitt barn går på ein ungdomsklubb som eigentleg er ei brannfelle – berre fordi ingen tørr seie noko (i frykt for å miste klubben). Eg tykkjer ikkje det er «god reklame» at på landet er det så fritt og greit at her kan vi gjere som vi vil – og dermed unngår kommunen utgifter til sikkerheit for m.a. den oppveksande generasjonen.»

Sitat 3

6.3. Har du andre innspel til arbeidet med å skape bulyst og blilyst i Setesdal?

Det som går att på dette spørsmålet er i stor grad likt med førre spørsmål. Tema som er nemnd mest, der tal i parentes viser kor mange som har kommentert det:

- Jobbmoglegheiter/ nettverksbygging/ næringsutvikling/ gründerstøtte (15)
- Miljø/ haldningar/ relasjonar/ «bygdedyr» (11)

«Ein stor negativ ting med å bu i Setesdal er «bygdedyret». Mykje negativt snakk, stort fokus på janteloven. Det burde jobbast meir på alle arenaer (skular, arbeidsplassar osv.) med å bekjempe denne type negativitet. Om du gjer noe utanom det «vanlege» eller skil deg ut på noe som helst måte kjem bygdedyret og «tar» deg. Er dette noe vi kan prøve å kjempe imot? Dette er i alle fall ei viktig årsak til at eg ikkje ynskjer å flytte heim.»

Sitat 4

- Attraktive bustadtomter og tilgang til småbruk/ oppretthalde buplikt (14)

«Ingen flytter fra byer til Setesdal for å bo oppå naboen sin. Utnytt det store arealet som finnes til å skape bosetning som er samlet, men med plass til å pisse i hagen. «Tving» flere av de fraflytta husene/ eiendommene ut på markedet.»

Sitat 5

- Betre aktivitetstilbud og fleire sosiale møteplassar (11)

«Flere møteplasser og arrangement som ikke er så preget av fyll. Jeg liker julefestene, brosteinsball og sauedans, men skulle gjerne også hatt mulighet til å møte andre unge voksne i aktivitetsgrupper, klatring, friluftsliv, fisketur, jakt osv. Per nå virker det som det er gode tilbud til barn på denne fronten, men unge voksne har som regel møteplass på fest.»

Sitat 6

- Positivt med arbeidet som er sett i gong med SGOS/ Landlivskontakten (5)

«Svært positivt med slikt arbeid. Eg trur det er. Viktig å utfordre etablerte sanningar, og å tørre å stille ubehagelege spørsmål. T.d. «klarer me å integrere flyktningar i bygdelivet (på ein slik måte at dei ikkje flytter ut ved første høve)?», «kva er årsakane til at folk flytter frå distriktet?», «er me så inkluderande som me trur/ meiner/ seier at me er?». Ein manglar kanskje fora for slike debattar?»

Sitat 7




Foto: Anders Martinsen for Landlivsgruppa SGOS

7. SAMANLIKNING AV SVAR FRÅ RESPONDENTAR SOM BUR I SETESDAL OG DEI SOM BUR ANDRE Plassar

Denne samanlikningar har me gjort for å sjå om det er interessante forskjellar mellom svara frå dei som bur i Setesdal samanlikna med svara frå dei som bur andre plassar. Fordelinga er 260 respondentar som bur i Setesdal samanlikna med 202 respondentar som bur andre plassar.

12. Kor fornøgd er du med desse tilboda der du bur no?



Dei to gruppene er **MEST** fornøgd med:

Bur i Setesdal

Moglegheiter for friluftsliv
 Generell trivsel
 Helsetenester

Bur ikkje i Setesdal

Generell trivsel
 Helsetenester
 Aktivitetstilbod

Og **MINST** fornøgd med:

Bur i Setesdal

Jobbmoglegheiter
 Sosiale møteplassar
 Handels- og restauranttilbod

Bur ikkje i Setesdal


Barnehage- og skuletilbod
 Sosiale møteplassar
 Kulturtilbod

Me har sett litt nærmare på dei momenta der det er størst sprik mellom dei to gruppene, og elles moment me meiner det er verd å kommentere.

Jobbmoglegheiter

Det er ikkje overraskande at det er her det er størst sprik mellom dei to gruppene. Av dei som bur i Setesdal svarar altså 46,2 % «Dårlig» her, medan 41,1 % av dei som bur andre plassar svarar «Bra», og berre 12,9 % svarar «Dårlig».

14. Jobbmoglegheiter




Handels- og restauranttilbod

Heller ikkje dette er overraskande. Det er naturleg at dette tilbodet er betre på større plassar.

Moglegheiter for friluftsliv

Her utmerker Setesdal seg i positiv forstand. Av dei som bur i Setesdal synes 89,2 % at desse moglegheitene er «Bra». Tilsvarande er 53 % av dei som bur andre plassar like godt fornøgd med dette.

18. Sosiale møteplassar



Sosiale møteplassar


Det er nemnd av mange i dei opne spørsmåla at sosiale møteplassar er viktig, og dette går også att i mange saker om distriktsutvikling. Berre 11,5 % av dei som bur i Setesdal synes dette tilbodet er bra.

«Bygder trenger møteplasser! Ikke minst for de som kommer nye til bygda og trenger nøytrale steder som cafeer/ puber/ restauranter for å treffe folk. I dag er bygdene i stor grad preget av møteplasser i organisasjonslivet, som idrettslag og korps. Men det passer ikke for alle! Distrikts-Norge må ha endringsvilje om det skal være levedyktig. Med Bygda 2.0 ville vi være med å bygge et mer inkluderende lokalsamfunn der det er rom for å være singel, homse eller ha utenlandsk bakgrunn.»


Roar Svenning,
Odelsgut og gründer som utviklar Stokkøya Sjøsender og Bygda 2.0

Sitat 8

12. Kor fornøgd er du med desse tilboda der du bur no?



23. Kor viktig er desse momenta for at du skal trivast der du bur?



Her er det høgst tal/ lengst søyle som viser kva respondentane har rangert som viktigast.

Dei to gruppene er veldig samstemte om kva dei meiner er viktig for å trivast. Det er ein liten skilnad på **jobbmoglegheiter** der dei som bur andre plassar enn i Setesdal generelt meiner at dette er litt viktigare enn dei som bur i Setesdal. Det er uansett ei stor overvekt i begge grupper som meiner dette er «Svært viktig».

Elles ser me at dei som bur i Setesdal meiner **aktivitetstilbod for barn** er noko viktigare enn det den andre gruppa gjer.


Av dei som meiner det er «Svært viktig» med **frittliggjande bustader med store tomter**, er det overvekt av dei som ikkje bur i Setesdal. Kanskje det kan vere eit virkemiddel for å få folk til å flytte til Setesdal.

Dei som bur i Setesdal er meir opptatt av **sentrumsutforming og arkitektur**, men ingen av gruppene legg veldig mykje vekt på dette. 23,5 % av dei som bur i Setesdal synes det er «Svært viktig». Til samanlikning er det 34,6 % av dei som bur i Setesdal som synes **tradisjonar og tradisjonshandverk** er «Svært viktig». Også dette vektlegg dei som bur i Setesdal meir enn den andre gruppa.

Begge gruppene er einige om at **godt nabolag/ miljø** er «Svært viktig» 😊.

For meir generell informasjon om kva respondentane meiner er viktig for trivsel, viser me til resultatane som er vist i figur 5.8 og 5.9 på side 13 og 14.

29. Relevante jobbmoglegheiter



35. Frittliggjande bustader med store tomter





Foto: Anders Martinsen for Landlivsgruppa SGOS



46. Her vil me gjerne at du skal rangere kva du meiner at er VIKTIGAST for at du skal trivast der du bur.



Oppsummert på ein anna måte har dei to gruppene prioritert dei viktigaste momenta slik:

Bur i Setesdal

1. Jobbmoglegheiter
2. Bustad
3. Barnehage- og skuletilbod
4. Godt nabolag/ miljø
5. Moglegheit for friluftsliv
6. Aktivitetstilbod
7. Handels- og restauranttilbod
8. Kulturtilbod

Bur ikkje i Setesdal

1. Jobbmoglegheiter
2. Bustad
3. Godt nabolag/ miljø
4. Barnehage- og skuletilbod
5. Moglegheit for friluftsliv
6. Aktivitetstilbod
7. Handels- og restauranttilbod
8. Kulturtilbod

Igjen temmelig samstemte, altså!





Foto: Anders Martinsen for Landlivsgruppa SGOS

56. Kor vil du helst bu?



Kanskje ikkje uventa, så er det fleire frå gruppa som ikkje bur i Setesdal som ønskjer å bu i ein by. Men samstundes ser me at ein stor andel også av dei som ikkje bur i Setesdal, ønskjer å bu på bygda eller ein mindre tettstad.



Foto: Anders Martinsen for Landlivsgruppa SGOS


8. KVA MED DEI SOM VURDERER Å FLYTTE FRÅ SETESDAL?

Som nemnd er det 8,4 % av respondentane totalt (eller 39 personar) som har svart at dei vurderer å flytte frå Setesdal., ref. svara som er vist i figur 5.3 på side 10. Me har sett litt nærmare på svara frå denne gruppa.

Generelt om respondentane i denne gruppa:

- Aldersmessig fordeler dei seg i hovudsak likt på gruppene 24 – 29 år, 36 – 42 år og 43 – 50 år.
- 67 % av dei kjem frå Setesdal. 15,4 % kjem frå andre plassar i Agder.
- Det er 59 % kvinner og 41 % menn i gruppa.
- 56,4 % har barn.
- 69,2 % har kjæraste/ partner/ ektefelle.

Kor fornøgd er du med desse tilboda der du bur no?





Respondentar som vurderer å flytte

Alle respondentar


Me ser at dei som vurderer å flytte generelt er mindre fornøgd på så og seie alle område.

Kor viktig er desse momenta for at du skal trivast der du bur?




Me ser at gruppene legg litt ulik vekt på dei forskjellige momenta, men det er forholdsvis små forskjellar.

Her vil me gjerne at du skal rangere kva du meiner er **VIKTIGAST** for at du skal trivast der du bur.



Kor vil du helst bu?



Ein større andel av dei som vurderer å flytte, ønskjer å bu i ein by. Samstundes er det til saman 46 % som ønskjer å bu på bygda/ utanfor tettstad, eller på ein mindre tettstad. Så kvifor vurderer dei likevel å flytte frå Setesdal?

Har du forslag til konkrete tiltak som kommunane og/ eller næringslivet kan gjere så det blir enno meir attraktivt å bu i Setesdal?

Me har gått gjennom og vurdert kva denne gruppa har svart på dette spørsmålet. Dei har mange av dei same forslaga som om ein ser på alle respondentar under eitt. Me kan nemne at «sitat 3» under punkt 6.2 på side 19 kjem frå ein av respondentane som vurderer å flytte. Det er også fleire av desse respondentane som beskriv misnøye med offentleg forvaltning, og etterlyser meir openheit og mindre forskjellsbehandling.

Her har me tatt med nokre fleire sitat, som dels dekkjer det fleire er opptatt av:

«Gode møtestader med låg terskel der ein kan møtast for å diskutere utvikling av eigne bedrifter og utvikling av bygda ein bur i.

Kanskje ein kan møte andre med same interesse og kan finne samarbeidspartnarar!

Bygdene verkar nokså sosialt «isolert», der alle jobbar for sitt miljø – og lite fellesskap.

Betre informasjon om tilboda som finnes i kommunen. No må ein finne ut av det meste sjølv, og spørje seg fram. Dei som alltid har budd her tar ting for gitt.»

Sitat 9

«Være positive til nytenking og tenke som en region. Styrke hverandre, og kanskje prøve å fremdyrke enkelte sterke sider i stedet for at alle skal være gode på det samme.»

Sitat 11

«Attraktive tomter. Tenk utenfor boksen. Finn hva vi har som er attraktivt, og selg det. Smidig saksbehandling når noen først ønsker å bygge noe. Legg til rette for folk, og gjør det enkelt.»

Sitat 12

«Bedre pub og uteliv.»

Sitat 10

Har du andre innspel til arbeidet med å skape bulyst og blilyst i Setesdal?

Også her tar me med nokre av svara frå respondentane:

«Lokalmiljø må bli mer inkluderende.»

Sitat 13

«Motarbeide janteloven/ bygdedyret.»

Sitat 14

«Gode arbeidsmiljø. Tillit mellom politikarar og administrasjon.»

Sitat 15

«Mindre snøskoterkøyning. Slik det er no er det «populært» å køyre ulovleg, det er «karsleg» å køyre «over alt» og dersom ein grunneigar seier nei til køyning over sin eigedom eller forbi si støylsbu, blir ein utfrosen i store delar av nærmiljøet. Mentaliteten må endrast, kommunen bør ha klare reglar og grunneigar si mening må bli respektert utan at ein risikerer baksnakking.»

Sitat 16

«Barnehage- og skulemiljøet bør endrast til å ha fokus på at ein oppfører seg fint og tek vare på kvarandre og at alle er like mykje verd, ikkje slik det er no at det er den «tøffaste og frekkaste» som er «populær» ...

Foreldre bør utfordrast til å fylgje opp borna sine betre i høve til frivillige lag og organisasjonar, fotballtrening er ikkje «gratis barnevakt», ungane ønskjer å bli sett av foreldra når dei er på trening og ein trenar klarer ikkje alltid å ta seg av 10 – 15 ungar aleine.»

Sitat 17

Oppsummering

Det er ikkje slik at ein finn heilt klare årsakar til at denne gruppa vurderer å flytte frå Setesdal. Ein kan altså sjå at dei generelt er litt mindre nøgd med dei fleste område. Som resten av respondentane trekker dei fram jobbmoglegheiter som det viktigaste momentet for å trivast. Dei er opptatt av godt nabolag/ miljø, og ut frå kommentarar i opne spørsmål kan det tyde på at dei meiner det kan gjerast ein del på dette området – for å skape eit rausare og meir inkluderande samfunn. Sosiale møteplassar blir også trekt fram som eit ønskjer frå fleire.


9. INNSPEL FRÅ DEI SOM KAN TENKE SEG Å FLYTTE TIL SETESDAL

24 % av respondentane, eller 111 personar, seier at dei kan tenke seg å flytte til Setesdal. Me tenker at det er interessant å sjå nærmare på kva denne gruppa er opptatt av. Her er litt oppsummering om gruppa:


- Dei fordeler seg ganske jamt på aldersgruppene f.o.m. 19 år t.o.m. 50 år, med ein topp for gruppa 24 – 29 år.
- 48 % av dei kjem frå Setesdal. 38 % kjem frå anna plass i Agder, og 5,5 % kjem frå Telemark.
- I denne gruppa er det 49 % menn og 51 % kvinner.
- 71 % av dei bur no ein anna plass i Agder.
- 42 % har barn, og 66 % har kjæraste/ partner/ sambuar/ ektefelle.
- 48 % av dei kan tenke seg å skape sin eigen arbeidsplass.

Svar frå denne gruppa på interessante spørsmål:


6. Kor viktig er desse momenta om du skal vurdere å flytte til meir landlige omgjevnader?




25. Kor fornøgd er du med desse tilboda der du bur no?



36. Kor viktig er desse momenta for at du skal trivast der du bur?




59. Her vil me gjerne at du skal rangere kva du meiner at er VIKTIGAST for at du skal trivast der du bur.




Samla innspel og meiningar om tema knytt til bustad

10. Naturnært bustadområde med einestader

11. Moglegheit til å bu på småbruk




19. Dersom du kunne velje fritt - korleis vil du helst bu?




Alle kakediagram under viser svar på spørsmålet «Kor viktig er desse momenta for at du skal trivast der du bur?»

46. Sentrumsnære bustader




47. Hyggjeleg bustadfelt




Ikkje viktig Litt viktig Svært viktig

48. Frittliggjande bustader med store tomter



49. Sentrumsutforming og arkitektur




Figur 9.7


Kor viktig er desse momenta for at du skal trivast der du bur?

Her ser me på nokre av momenta utover det som dreier seg om bustad, sortert i rekkefølge etter kva denne gruppa meiner er viktigast.

55. Godt nabolag/ miljø




42. Relevante jobbmoglegheiter



Figur 9.8



40. Moglegheit til å drive friluftsliv



51. Helsetenester






Foto: Anders Martinsen for Landlivsgruppa SGOS


39. Barnehage- og skuletilbod




44. Aktivitetstilbod for barn




45. Aktivitetstilbod for vaksne




50. Tradisjonar og tradisjonshandverk



53. Langrenn/ fjellski/ topptur utanom oppkøyde skiløyper




41. Moglegheit til å køyre snøskuter




Figur 9.9




52. Oppkørde langrensløyper




37. Handlemolegheiter




43. Kulturtilbod




56. Kollektivtransport



54. Alpinsenter



38. Kafe- og restauranttilbod



Figur 9.10



Har du forslag til konkrete tiltak som kommunane og/ eller næringslivet kan gjere så det blir enno meir attraktivt å bu i Setesdal?

Igjen deler me tilbakemeldingar frå nokre av dei i denne gruppa:

«Viktig at kommune er med «på laget», ser viktigheten av aktivitet. Det burde være enklere og mer lettvint med tillatelser til bygging. Rett og slett en JA-kommune.

Arbeidsplasser er viktig, uten det kommer det ikke folk. Nytenking, boplikt redder ikke bygdenorge. Folk vil ha rikelig med plass rundt seg, gjerne småbruk.»

Sitat 18

«Skape jobber. Være rundere i kantene når det kommer til hvordan man kan bygge på egne tomter. Få et yrende sentrum (som nå er på god vei).»

Sitat 20

«Infrastruktur som er tilrettelagt for «de nye typene» jobber.

Sammenslåing av kommuner for å få mer effektiv, rasjonell og profesjonell drift av regionen. Noe nytt og ukjent blod i administrasjonshetene.»

Sitat 19

«Helhetlig utvikling for bygdene, unngå enkeltprosjekter som hemmer eller ødelegger for videre utvikling. Lage kommunale strategier for handels- og sentrumsutvikling.

Lage gode nærmiljø for eldre, bygge leiligheter som kan huse eldre gårdseiere og dermed åpne opp for nye og yngre på gårdene.

Utvikle sentrumsområdene og legge til rette for god infrastruktur mellom skole, sentrum og byggefelt.

Tenke interkommunale spesialiserte stillinger for å få god fagkompetanse inn i kommunene.»

Sitat 21

«Folk må samarbeide og ha tru på framtida. Det er for mykje negativitet og kringling. Mykje av grunnen til at dette negative får grobott er ei lokalavis som elsker å setje slike saker på dagsorden. Grunneigarane skremer folk vekk frå bygda. Dei er så eigesjuka og opptekne av gard og grunn at dei skaper ei einaste dårleg stemning. Gong på gong er det situasjonar mellom både det offentlege og privatpersonar som prøvar å få til noko, og dei overbeskyttande grunneigarane som hindrar dei i å utføre dette.»

Sitat 22

10. AVSLUTNING

Me føler no at «det meste er sagt» gjennom materialet som er presentert, og kommentarar undervegs. Me håpar rapporten kan vere nyttig i vidare utviklingsarbeid for kommunane og regionrådet, og at kanskje også næringslivet og andre kan plukke opp nyttig informasjon. Det bør vere i alle si interesse å bidra til at Setesdal er ein attraktiv plass å bu og jobbe.

Ikkje gløym dei som allereie bur i Setesdal

I punkt 8 og 9 i rapporten har me via stor merksemd til dei som seier dei vurderer å flytte FRÅ Setesdal, og til dei som seier at det er aktuelt å flytte TIL Setesdal. Me tenker det kan vere nyttig å sjå kva som er viktig for desse gruppene – både med tanke på å kunne gjere noko for å behalde dei som vurderer å flytte, og for å kanskje kunne tiltrekke seg nye innbyggjarar.

Når det er sagt, så trur me også det er viktig å ha fokus på dei som bur her – sjølv om dei ikkje har uttrykt ønskje om å flytte. Me er sårbare i Setesdal, og kvar person er viktig. Derfor trur me også det er viktig at alle kjenner seg sett og høyrd, og at ein altså legg vekt på tilbakemeldingane som har kome frå denne gruppa i spørjeundersøkinga.

Me ønskjer alle som jobbar for ei fortsatt positiv utvikling for Setesdal lukke til!



11. VEDLEGG (tilgjengelig ved førespurnad til post@setesdal.no)

- Spørjeundersøking
- Rapport alle svar frå alle respondentar
- Rapport med samanlikning av alle svar frå dei som bur i Setesdal vs dei som bur anna plass



Setesdalsamarbeid

Bykle, Valle, Bygland,
Eyje og Hornnes

Saksmappenr: 2006/23 - 28

Arkiv:

Sakshandsamar: Rita Hansen

Saksframlegg

Setesdal regionråd

Saksnummer	Utval	Møtedato
93/18	Setesdal Regionråd - Styre	19.12.2018
	Setesdal Regionråd - Representantskapet	

Godtgjering - styreleiar og leiar av representantskap - Setesdal regionråd

Dagleg leiar tilrår:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Godtgjering til styreleiar og leiar av representantskapet skal vurderast kvart år.

2. Saksopplysningar

Vedtak i representantskapet 14.12.17, sak PS 5/17:

Styrehonorar knyter ikkje opp til dagleg leiars lønn, men godtgjørelsen vurderes kvart år av representantskapet. Det same gjelder leiar av representantskapet. Honorar styreleier 85 000kr gjeldande frå 1/1 – 2018 Honorar representantskapsleiar 8 000 kr.

3. Vurderingar

Dagleg leiar har ikkje vurderingar knytt til nivå på godtgjeringar.

Vedtak sendast til:

Valle, den 02.12.2018

Rita Hansen
dagleg leiar



Setesdalsamarbeid

Bykle, Valle, Bygland,
Eyje og Hornnes

Saksmappenr: 2007/183 - 35

Arkiv:

Sakshandsamar: Rita Hansen

Saksframlegg

Setesdal regionråd

Saksnummer	Utval	Møtedato
94/18	Setesdal Regionråd - Styre	19.12.2018

Økonomirapport - framlegg til budsjettjustering Setesdal regionråd

Dagleg leiar tilrår:

Styret tek økonomirapporten til orientering. Styret godkjenner omdisponeringar mellom ansvar innafor budsjett.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Styret blir orientert om økonomien i verksemda gjennom året.

2. Saksopplysningar

Økonomirapport følgjer som vedlegg til saka.

3. Vurderingar

Rapporten synar at samla er økonomien innafor vedteke budsjett.

Bruk og avsetningar som er over kr 150 000,- og som derfor krev styrevedtak:

- Prosj 4007, Revsnes hotell – investeringsstøtte PS 75/17, kr 250 000,-. Bruk av fond 55699908 Ledige midlar – tidligare år.
- Prosj 4007, Revsnes hotell – investeringsstøtte PS 75/17, kr 250 000,-. Prosjektet blir ikkje realisert. Bruk av fond 55699908 Ledige midlar – tidligare år. Føres til ledige midlar.
- Prosj 491, Responz as – hovudprosjekt PS 53/16, kr 200 000,-. Bruk av fond 55699617.

- Prosj 450, Digitale Setesdal – 2015 – PS 102/15, kr 177 000,-. Bruk av fond 55699625.
- Prosj 450, Digitale Setesdal – 2015 – PS 102/15, kr 177 000,-. Mindreforbruk kr 163 000,- . Avsettast til ledige midlar.
- Prosj 4006, MARA, hovudprosjekt PS 15/18, kr 449 000,- Prosjektstart i 2019, ikkje 2018. Settast på eige fond til prosjektet.
- Prosj 603 og 604, Rv9 planleggingsfond og Rv9 påverknadsarbeid/utbyggingsreserve fond kr 1 000 000,- + kr 274 000,-. Avsettast til eige fond.
- Prosj 695, KVS-Bygland AS, ridehall, 2018/59-4/PS 64-18, kr 200 000,-. Ikkje bedt om utbetaling av løyving enno. Avsettast på eige fond.
- Pro 645, Berekraftig byggeri 2017 (KMD) kr 180 000,-. Bruk av fond 55199850.
- Prosj 826, Festival – arrangement SGOS kr 400 000,-. Bruk av fond 55199832 SGOS-festival.
- Prosj 820, Restramme ledige midler SGOS, ansvar 5501 kr 429 00,-. Bruk av fond 55199820.
- Budsjettjustering Prosj 820, kr 300 000,- i avsetning til fond 55199820.

Dagleg leiar har føretatt fleire mindre, regnskapstekniske omdisponeringar og inntrekk til ramme i medhald av dagleg leiars fullmakt. Til ymse prosjekt opplyser dagleg leiar om årsak til avvik og kva som er gjort:

- Prosjekt 208, Digitalt klasserom, kr 92 000,-. Ikkje aktivitet. Prosjekt avsluttast og ledige midlar satt på fond 55699904. Ledige middel.
- Prosjekt 620, Setesdalskonferansen 2018, meirforbruk kr 126 000,- . Bruk av fond 55699750.
- Prosjekt 497, feilutbetaling kr 28 050,- vart utbetalt to gonger (oktober 2016/januar 2017). Føres som tap. Midlane hentas frå ledig ramme.
- Prosjekt 673, «Næringsforesight», kr 50 000. Brukt 3 000,-. Mindreforbruk. Prosjektet avsluttast, og ubrukte midlar tilbakeført til næringsramma.

Valle, den 21.10.2018

Rita Hansen
dagleg leiar

- 1 Ansvar 5303 pr 12.12.18
- 2 Drift pr 12.12.18
- 3 Årets løyvingar ansvar 5303 2018

Ansvar 5303 Næring pr 12/12-18

Prosj	Prosj (T)	Beløp	Rev. budsjett
003	Rest ramme/Ledige midlar ansvar 5303-RNF	0	14000
4007	Revsnes hotell - investeringsstøtte PS 75/17	0	250 000
412	Hovden SoE-Pilotutvikling/marknadsavklaring-linne R Sharpe DL 6/18	25 000	25 000
413	Happy Hundesenter-etableringsstøtte/ref.2017/20-11	31 625	31 000
476	Responz as - forpro - DL 10/16	25 000	25 000
491	Responz as - hovudprosjekt PS 53/16	200 000	200 000
643	Ose Motorfestival v/Dreng Ose-DL 3/17	25 000	25 000
645	Berekraftig byggeri-Anno 2017 (KMD)	177 062	0
647	Systog dale-Profilutvikling mv. ref.2011/81-6	20 000	20 000
648	Sølv garden-System innkjøp og opplæring ref.2015/76-17	55 000	55 000
657	nydyrking Tommy Uleberg DL 3/18	7 250	7 000
658	Gunnar Eivind Greibrokk, nydyrking - DL 5/18	0	21 000
659	Eli Torborg Telhaug, nydyrking - DL 7/18	0	47 000
660	Randi Mari Knutsen, nydyrking - DL 12/18	0	19 000
661	Veronika Bjørndal, nydyrking - DL 1/18	0	38 000
662	Knut Johan Tveit, nydyrking - DL 4/18	0	20 000
663	Inn på tunet - Sørlandet IPT ref. 2017/106-6	23 402	75 000
666	Grunderveka/grunderkonkurranse	0	10 000
671	Næringsforseight Agder 2030	100 000	100 000
672	Landsskytterstevnet - Evje ref.2016/62-6	100 000	100 000
673	næringsforseight, møtegodtgjersle o.l.	3 000	3 000
674	Otra II - Evje aktivitetspark - DL 17/18	120 000	120 000
675	Pipesnake AS DL 13/18	0	50 000
677	Troll aktiv, forprosjekt surfebølge DL 19/18	30 000	30 000
678	Hovdenkontoret-Ingvild hovden, kompetanseutvikling ref. 2018/20-2	0	25 000
679	SP Stål - Søren pedersen, traverskran DL 18/18	40 000	40 000
680	Forprosjekt-inn på tunet (IPT), Ellen cecilie møllen, ref.2018/35-2	25 000	25 000
682	Skilt og Graving AS-sertifisering-DL 26/18	28 365	70 000
683	Vetserve AS-marknadsavklaring-ref.2006/311-15	0	82 000
684	Skild AS-marknadsavklaring-DL24/18	0	67 000
686	Smeland interiør/bygdeservice-cvc og kompetanseutvikling, ref.2007/220-12	75 000	75 000
687	Timeout-setesdal, Berit Susanne Nordstrand-markedsavklaring/etablering DL20/18	11 450	25 000
688	Valle motell og camping-lerbo drift - DL 27/18	0	35 000
689	Ose motorfestival 2018-Dreng Ose ref.2017/37-10	20 000	20 000
691	Setesdølen AS - Storavis "Naturligvis" 2018	50 000	50 000
692	Sølv garden hotell og ferienesenter, heimeside - DL 32/18	0	15 000
693	Bratt friluftsliv, vinter-forprosjekt - DL 34/18	40 000	40 000
699	Tent, heimigard-Rysstad ref.2017/100-9	0	50 000
704	TD maskin AS, oppstartstøtte DL 39/18	0	50 000
931	Fleirkulturell verdiskaping Agder	50 000	50 000
936	Helle Herberge-Forprosjekt zipline	3 693	4 000
Sum ansvar 5303		1 285 847	2 008 000

Drift 2018 pr 12/12-18

Konto	Konto (T)	Beløp	Rev. budsjett
30100	Lønn i faste stillinger	940 388	1 209 000
30209	Annen vikarlønn	16 800	0
30505	Honorar (trekkpliktig)	19 769	5 000
30509	Annen lønn og trekkpliktig godtgjørelse	17 836	0
30800	Lønn til politisk ledelse	0	200 000
30801	Møtegodtgjørelse	93 000	0
30900	Pensjon, KLP	80 110	180 000
30907	Kollektiv ulykkeforsikring	1 035	0
30908	Kollektiv gruppelevsforikring	979	0
30990	Arbeidsgiveravgift av lønn og godtgjørelser	92 734	150 000
30995	Arbeidsgiveravgift av opptjente feriepenger	15 280	0
30996	Arbeidsgiveravgift av pensjon	19 759	0
31002	Aviser, tidsskrifter, faglitteratur	10 695	0
31150	Matvarer	2 676	0
31159	Annet matkjøp, servering	61 477	100 000
31200	Arbeidstøy (inkl. verneutstyr)	5 755	0
31203	Velferdstiltak ansatte/gåver ansatte	12 692	0
31207	Hotellopphold m.v. ved tjenestereiser- se 11707 fo	9 622	50 000
31300	Porto	977	0
31301	Gebyr, post, bank	75	0
31302	Telefonutgifter, fast nett	991	0
31303	Telefonutgifter, mobilnett	2 865	5 000
31304	Datakommunikasjon / linjeleie / sambandsleie	1 356	5 000
31305	Etablering / bruk av internett	20 000	0
31401	Andre annonser	5 670	40 000
31403	Informasjonsmateriell / reklame	1 450	50 000
31404	Trykking / kopiering	41 365	30 000
31406	Gaver v/representasjon	60 482	50 000
31409	Annet vedr. annonse, reklame og informasjon	31 916	10 000
31500	Utgifter til kurs og opplæring (hotell+kursavg.)– sjå 11707 for reis	2 260	50 000
31600	Kjøregodtgjersle v/ tenestereiser, kurs og opplæring	65 445	88 000
31601	Kostgodtgjersle v/ tenestereiser, kurs og opplæring	4 653	50 000
31707	Taxi, fly, buss, bom, parkering m.m.	28 270	50 000
31852	Personforsikring, ansatte / praksisplasser	8 582	0
31900	Husleie	38 945	55 000
31909	Andre leieutgifter - leige av møterom	25 362	60 000
31952	Kontingenter	2 600	30 000
31953	Lisenser programvare	28 285	30 000
31959	Andre avgifter, gebyrer, lisenser m.v.	1 550	0
32001	Kjøp av inventar og utstyr	798	0
32002	Kjøp av datautstyr.inkl.prog.	41 201	10 000
32709	Andre konsulenttenester	206 750	200 000
33501	Kjøp fra Valle kommune	0	350 000
34290	Mva, generell kompensasjonsordning	161 448	0
34509	Andre overføringer til kommuner	25 796	0
34709	Andre tilskudd / overføringer til private	10 000	0
35401	Avsetning til disp.fond til drift 5.5699.xxx	132 319	0
35700	Overføring til investeringsregnskapet (driftsmidle	0	7 000
37290	Refusjon moms påløpt i driftsregnskapet	-161 448	0
Sum utgifter		2 190 572	3 064 000

36201	Gebyr fakturering	-490	0
39059	Utbytte fra andre selskap	-133 914	0
39300	Disponering av tidligere års regnskapsmessige mind	-132 319	0
39401	Bruk av disposisjonsfond, drift 5.5699.xxx	-10 000	0
39506	Bruk av bundne driftsfond (diverse) 5.5199.xxx	-48 248	0
37309	Annen refusjon fra fylkeskommuner	-500 000	-500 000
38300	Overføring fra fylkeskommuner	-50 000	-5 100 000
38800	Overføringer fra foretak og bedrifter i egen kommu	-5 200 000	-5 200 000
39002	Renteinntekter forretnings- og sparebanker, inkl p	0	-140 000
39200	Mottatt avdrag på utlån	0	-46 000
Sum inntekter		-6 074 971	-10 986 000
Sum		-3 884 398	-7 922 000

Årets løyvingar ansvar 5303

Ansvar 5303: Regionalt næringsfond (pro 003) Ramme:	750 000,00
Frå SGOS 5501 pro 825 til pro 691	25 000,00
Grunderveka/grunderkonkurranse årsbudsjett	10 000,00

Netto ramme **785 000,00**

Bilagsnr.	Prosjekt	Saksnr.:	Tekst	Løyving
Årsbudsjett	666		Grunderveka/grunderkonkurranse (kun for å vise i skjemaet)	10 000,00
2018/01	412	DL6/18	Hovden SoE-pilotutvikling/marknadsavklåring-Linne Sharpe	25 000,00
2018/01	413	ref.2017/20-11	Happy Hundesenter-etableringsstøtte	31 000,00
2018/01	657	DL 3/18	Tommy uleberg, nydyrking	7 000,00
2018/01	658	DL 5/18	Gunnar Eivind Greibrokk, nydyrking	21 000,00
2018/01	659	DL 7/18	Eli Torborg Telhaug, nydyrking	47 000,00
2018/01	661	DL 1/18	Veronika Bjørndal, nydyrking	38 000,00
2018/01	662	DL 4/18	Knut Johan Tveit, nydyrking	20 000,00
2018/06	677	DL 19/18	Troll Aktiv, forprosjekt Surfebølge	30 000,00
2018/06	679	DL 18/18	SP Stål, støtte traverskran	40 000,00
2018/06	678	ref 2018/20-2	Ingvild Hovden, kompetanseutvikling	25 000,00
2018/06	673		Næringsforsight, møtegodtgj o.l	50 000,00
2018/20	673	ref,2007/183-39	avslutta prosjekt næringsforseight, møtegodtgj. O.l.	-47 000,00
2018/06	675	DL 13/8	Pipesnake	50 000,00
2018/11	689	ref.2017/37-10	Ose motorfestival 2018-dreng ose	20 000,00
2018/11	687	DL 20/18	Timeout Setesdal	25 000,00
2018/09	680	25/18	Forprosjekt - inn på tunet (ipt), ellen cecilie møllen	25 000,00
2018/16	660	DL 12/18	Randi Mari Knutsen,nydyrking	19 000,00
2018/11	688	DL 27/18	Valle motell og camping-lerbo drift	35 000,00
2018/09	682	DL 26/18	Skilt og Graving AS	70 000,00
2018/11	663	ref.2017/106-6	inn på tunet - sørlandet IPT	25 000,00
2018/12	691	DL 30/18 og DL 30/18	Setesdølen AS - storavis "naturligvis"	50 000,00
2018/14	692	32/18	Sølvgården: heimeside	15 000,00
2018/14	693	34/18	Bratt friluftsliv: forprosjekt Heilårs klatring	40 000,00
2018/18	699	ref2017/100-9	Tent, Heimigard-Rysstad	50 000,00
2018/20	704	DL 39/18	TD maksin, oppstartsmidler	50 000,00

Sum løyving ansvar 5303 **771 000,00**

Rest ramme 5303 **14 000,00**

**Setesdalsamarbeid**Bykle, Valle, Bygland,
Eyje og Hornnes

Saksmappenr: 2017/17 - 10

Arkiv:

Sakshandsamar: Runar Granheim

Saksframlegg

Setesdal regionråd

Saksnummer	Utval	Møtedato
95/18	Setesdal Regionråd - Styre	19.12.2018

Søknad om støtte DS Bjoren 2019

Dagleg leiar tilrår:

1. Det vert løyvd 104.000 i støtte til drift av D/S Bjoren for driftsåret 2019. Inndekking frå fond 55699708. Innen utgangen av 2019 må det leverast ein full rekneskapsrapport.
2. Styret avslår søknaden om tilskot på 30.000 for 5-årsklassing av Bjoren. Dersom styret likevel gjeng inn for å innvilge støtte, dekkast dette frå fond 55699708.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Søknad datera 28.11.2018, om støtte til drift av DS Bjoren for 2018 og 2019. Leiv R Langerak (Bygland kommune) stadfesta for dagleg leiar at søknaden berre gjeld for 2019, då Bjoren har fått utbetalt støtte for 2018 på 104.000. Dette låg frå før av inne i Regionrådets budsjett for året.

I tillegg handsamast her søknad om støtte til 5-årsklassing på 30.000, datera 6.8.2018, frå Setesdalsmuseet.

2. Saksopplysningar

Det er Bygland kommune som eig DS Bjoren, gjennom Bjoren AS. Ein driftsavtale gjeldande frå 01.01.2018 regulerar ansvar mellom aktørane. Drivar er Aust-Agder museum og arkiv IKS

avdeling Setesdalsmuseet, medan Bygland kommune har ansvar for infrastruktur slik som brygger, sluseanlegg og båthus mv. Søknaden om driftstøtte frå Bygland kommune ligg vedlagt saka, det same gjer driftsavtale mellom Aust-Agder museum og Arkiv IKS (avd Setesdalsmuseet) og Bygland kommune. I tillegg ligg stipulert rekneskap for 2018 og driftsbudsjett 2019 vedlagt saka.

Søknaden om 5-årsklassing ligg også vedlagt saka.

Fond 55699708 er øymerka kulturnæringsprosjekt frå tidlegare.

3. Vurderingar

Setesdal regionråd har støtta Bjoren økonomisk i fleire år, mellom anna til oppgradering, vedlikehald og til årlege driftstilskot. Mellom anna løyvde Setesdal regionråd 500.000 i årleg støtte i åra 2008, 2009, 2010, 2012 og 2013. I 2014 vart det løyvd 61.000 som reint driftstilskot (jfr PS 6/15).

Sidan 2015 har den årlege støtta frå Regionrådet vore på 104.000 pr år. Bygland kommune støttar med tilsvarande beløp, medan Aust-Agder Fylkeskommune støttar med 100.000 i årleg driftstøtte.

Det framgjeng av søknaden og det vedlagte rekneskap/budsjettet at DS Bjoren har vore, og er framleis heilt avhengig av offentleg støtte for å kunne drivast. Sals- og leigeinntekter må gongast med 2,5 for å kunne dekke behovet som skissert (men då ville også driftkostnadane auka).

Setesdal regionråd har som nemnt ytt med mykje midlar over tid, og ein kunne håpe at DS Bjoren ville få betre «flyt» på innteninga. Regionrådet er i dei fleste høve tilbakehaldne med å yte slik rein driftstøtte.

Nokre (makro-) faktorar er kritiske for DS Bjoren. Den eine er vèret,- båten gjeng berre på sommartid, og spesielt «tilfeldige» passasjerar tek kanskje ikkje turen om det pøsergnar. Ein annan faktor er cruiseturismen, der DS Bjoren inngjeng i ei stor portefølje av tilbod på Sørlandet. Cruisemarknaden er usikker, og føreset eit godt innsalg, antal cruiseturistar o.l.

Bjoren er verdas eldste dampskip som er i drift. Den er berar av Olavsrosa, som er Norsk Kulturarvs kvalitetsmerke. Båten har også ei viktig lokalhistorisk rolle då den gjekk i rutetrafikk i rundt 60 år. I dag vert båten nytta som turistbåt, og har mellom anna ein del cruiseturistar på tur. I tillegg blir båten nytta til firmaturar, selskap o.l. DS Bjoren stillar med lokalkjende guidar på turane.

Båten er pr. definisjon ikkje freda, men fekk i 2000 status som «verneverdig» skip og eit verdifullt kulturminne

(<https://www.austagderfk.no/tjenester/kulturminnevern/kulturminnevern-2013/manedens-kulturminne-september1/>).

Ein ser at DS Bjoren, mellom anna som verdas eldste vedfyrte dampbåt i rutetrafikk og som eit symbol for Byglandsfjorden er, og vil vere viktig i merkevarebygginga av Setesdal som reisemåldestinasjon. Sjølv sagt spesielt viktig for Bygland og i promoteringa av Byglandsfjorden som sumardestinasjon.

Til dømes under arbeidet Setesdal regionråd no er gong med mtp moglegheitar for Rv 9 som nasjonal turistveg, så er opplevingar og historisk kultur langs vegen ein viktig faktor.

Konklusjon

Administrasjonen tilrår at styret løyver 104.000 i driftstøtte for 2019.

Kor vidt Setesdal regionråd skal vere med og drifte DS Bjoren i framtida er eit ope spørsmål. Administrasjonen meiner at Bjoren bør ha som mål å kunne drivast utan økonomisk støtte frå Setesdal regionråd i framtida.

Når det gjeld søknaden om støtte til 5-årsklassing tilrår administrasjonen at styret avslår den søknaden. Det gjer me fordi me er av den oppfatning at slik klassifisering inngjeng som ein driftskostnad, og må påreknast jamnleg og planleggast budsjett/rekneskapsmessig.

Vedtak sendast til:

Leiv Rygg Langerak, ordførar

Sentrum 18

4745

Bygland kommune

Valle, den 10.12.2018

Rita Hansen

dagleg leiar



Setesdal Regionråd

Vår ref.:

2018/558-1

Sakshandsamar:

Leiv Rygg Langerak
leiv.rygg@bygland.kommune.no

Dato

28.11.2018

FINANSIERING AV DRIFT - DS BJOREN

Aust-Agder Museum og Arkiv v/Setesdalsmuseet har no driva DS Bjoren i tre år. Det vart inngått avtale med eigar av Bjoren, Bygland kommune, for drift i 2016 og 2017, og etter dei to åra vart gjort unna var det liten tvil hjå partane om at ein burde inngå avtale om vidare drift.

Bygland kommune, Setesdal Regionråd og Aust-Agder Fylkeskommune har ytt tilskott til drifta (104 000,- kr pr år frå kommune og regionråd, 100 000,- kr pr år frå fylkeskommunen) for 2016 og 2017. Det vart naudsynt med ekstra tilskott som Bygland kommune har ytt, fordi restaureringsarbeid i 2015 og 2016 vart noko dyrare enn budsjettet og fordi ein og fekk ekstraavgifter då ein ikkje hadde sikra seg mot avbestillingar og lågare passasjertal enn føreset på bestillingsturar. Dette har ein no sikra seg mykje betre mot.

Vedlagt er foreløpig økonomisk oversikt for 2018, og budsjett for 2019. Framleis er det mykje usikkert med omsyn til 2019 då omfanget av «cruisebåtturar» ikkje er klart, så ein må ta budsjettet med ei god klype salt så langt. Men som de ser er resultatet for 2018 i balanse, sett føre at det vert gjeve tilskott som for dei tidlegare åra.

Eg ber difor om at de går inn på å yte tilskott som før for 2018, og for 2019.

Med helsing
Bygland kommune

Leiv Rygg Langerak
Ordfører

Vedlegg:
Foreløpig rekneskap 2018 og budsjett 2019
Avtale for vidare drift

Kopi til:
Setesdalsmuseet

Om Bygland kommune har sendt dette dokumentet elektronisk, vil det mangle underskrift.

Driftsregnskap DS Bjoren 2018(stip)og 2017
Driftsbudsjett DS Bjoren 2018 og 2019

	Note	Budsj 2 019	Regnskap 2018(stip)	Budsj 2 018	Regnskap 2 017
DRIFTSINNTEKTER					
Salgs- og leieinntekter		457 000	450 955	375 000	387 601
Statlige overføringer	1	262 000		0	0
Overføring fra kommune og fylkeskommune	2	234 000	204 000	204 000	204 000
Tilleggstilskudd fra kommune	2	65 454	16 008	247 800	80 413
<i>Redusert Tilleggstilskudd fra kommune for 2016</i>					-134 000
Overføring fra andre	3	134 000	104 000	114 000	238 000
Sum driftsinntekter (A)		1 152 454	774 963	940 800	776 014
DRIFTSUTGIFTER					
Lønn inkl. sosiale utgifter	4	630 454	530 085	581 000	467 867
Kjøp av varer og tjenester	5	522 000	244 854	359 800	308 147
Sum driftsutgifter (B)		1 152 454	774 939	940 800	776 014
Brutto driftsresultat (C)=(A-B)		0	24	0	0
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER					
Finansposter					
Renteinntekter og utbytte				0	0
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter			-24	0	0
Resultat ekst.finanstransaksjoner (D)			-24	0	0
Ordinært resultat (F)=(C+D)				0	0
INTERNE FINANSTRANSAKSJONER					
Bruk av avsetninger					
Bruk av tidl. års regnskapsmessig mindreforbruk				0	0
Bruk av disposisjonsfond				0	0
Sum bruk av avsetninger (G)				0	0
Avsetninger					
Dekning av tidl. års regnskapsmess. merforbr.				0	0
Avsetninger disposisjonsfond				0	0
Sum avsetninger (H)				0	0
Regnskapsmessig resultat (F)=(F+G-H)				0	0
Regnskapsmessig mindreforbruk					0
Regnskapsmessig merforbruk				0	0

DS Bjoren

Noter til stipulert driftsregnskap 2018 og driftsbudsjett 2019:

Note 1 - Statlige overføringer

I budsjett for 2019 er det budsjettert med tilskudd på kr 262 000 til "Klassing" av båten.

Note 2 - Overføringer fra kommune og fylkeskommune

Tilskudd fra Bygland kommune med kr 104 000, og fra Aust-Agder fylkeskommune med kr 100 000.

I tillegg er det budsjettert med delfinansiering til klassing i 2019 med kr 30 000.

Regnskapsmessig merforbruk må dekkes opp av Bygland kommune.

I budsjettet for 2019 er det i henhold til budsjett nødvendig med et tilleggstilskudd på ca. kr 60 000 til drift, og ca. kr 54 000 til vedlikehold i tillegg til klassing.

Pr i dag ser det ut til at merforbruket for drift og vedlikehold totalt blir ca. kr 16 000.

Dette inkluderer utgifter til vedlikehold med kr 82 100.

Note 3 - Overføringer fra andre

Tilskudd fra Setesdal regionråd med kr 104 000. I tillegg er det budsjettert med delfinansiering til klassing i 2019 med kr 30 000.

Sum overføringer fra kommune, fylkeskommune og andre i 2018 er kr 308 000. Dette utgjør kr 104 000 fra Bygland kommune, kr 104 000 fra Regionrådet og kr 100 000 fra Aust-Agder fylkeskommune. Dette er likt med det budsjetterte for 2018.

Note 4 - Lønn inkl. sosiale utgifter

	Budsj. 2019	Stip. 2018	Budsj. 2018	2017
Lønn	499 154	424 051	455 000	378 630
Pensjonsutgifter	70 900	52 128	70 000	43 753
Arbeidsgiveravgift	60 400	53 906	56 000	45 484
Annen personalkostnad	0	0	0	0
Sum lønn inkl. sosiale utgifter	630 454	530 085	581 000	467 867

Budsjettet for 2019 inneholder lønnsutgifter vedrørende klassing på kr. 91 500 inkl. sosiale utgifter.

Note 5 - Kjøp av varer og tjenester

		Budsj. 2019	Stip. 2018	2017
1100	KONTORMATERIELL	0	0	14 316
1120	ANNET FORBRUKSMATERIELL/RÅVARER OG TJENESTER	29 000	27 168	60 178
1130	POST, BANKTJENESTER, TELEFON	5 000	0	2 342
1140	ANNONSE, REKLAME, INFORMASJON	31 800	17 427	8 372
1150	OPPLÆRING, KURS	31 000	9 000	0
1160	UTG. OG GODTGJ. FOR REISER, DIETT, BIL M.V OPPG.PL	79 000	79 923	75 242
1170	TRANSPORT / DRIFT AV EGNE TRANSPORTMIDLER (betydlig andel er ved)	9 200	2 741	57 944
1185	FORSIKRINGER OG UTGIFTER TIL VAKTHOLD OG SIKRING	11 300	10 950	10 950
1195	AVGIFTER, GEBYRER, LISENSER O.L.	19 900	16 397	10 478
1200	INVENTAR OG UTSTYR	10 700	5 632	13 038
1230	REPARASJONER	230 500	10 528	5 326
1240	SERVICEAVTALER OG REPARASJONER	48 900	64 000	36 399
1250	MATERIALER TIL VEDLIKEHOLD	5 000	1 088	2 132
1270	KONSULENTTJENESTER	10 700	0	11 430
		<u>522 000</u>	<u>244 854</u>	<u>308 147</u>

I budsjettet for 2019 inngår kjøp varer og tjenester vedrørende klassing på kr 230 520.

I 2018 er det pr. i dag brukt lite på opplæring og kurs, samt innkjøp av ved til drivstoff.

Det kan påløpe utgifter ut året som vil øke utgiftene for 2018. I budsjettet for 2019 er utgifter til reklame og opplæring økt for å ta høyde for et mer normalt forbruk. Det forventes at vedlageret dekker forbruket i 2019, og at det ikke kjøpes ny ved i 2019.

DRIFTSAVTALE MELLOM AUST-AGDER MUSEUM OG ARKIV IKS AVDELING SETESDALSMUSEET OG BYGLAND KOMMUNE

Bygland kommune eig D/S Bjoren gjennom aksjeselskapet Bjoren AS som Bygland kommune eig 100%.

Driftsavtalen gjeld D/S Bjoren frå 01.01.2018.

Partane

- Eigar: Bygland kommune gjennom Bjoren AS, Bygland kommune, 4745 Bygland
- Drivar: Aust-Agder museum og arkiv IKS avdeling Setesdalsmuseet, parkveien 16, 4838 Arendal.
- Ansvarleg driftsmidlar: Bygland kommune

Ansvar

Drivar sitt ansvar:

1. Drift av båten i sesongen
2. Vedlikehald av båten
3. Personalansvar for mannskap
4. Marknadsføring
5. Kontakt med antikvariske myndigheiter

Bygland kommune sitt ansvar:

Forsikring av D/S Bjoren
Båthus og slipp
Brygger og slusene

Økonomi

Bygland kommune har ansvar for å skaffe til veie eit driftstilskot frå dei lokale og regionale samarbeidspartnarane Aust-Agder fylkeskommune, Setesdal Regionråd og Stiftinga D/S Bjoren sitt grunnfond. Bygland kommune skal gjennom dette sikre driftstilskot på inntil 308 000,- kvart år. Avkastning frå grunnfondet kjem i tillegg.

AMAA/Setesdalsmuseet arbeider i samarbeid med eigar for å innhente midlar frå antikvariske myndigheiter og andre instansar. AMAA/Setesdalsmuseet søker å få inn tilskot til drift, vedlikehald og liknande frå andre partar enn dei som er nevnt over.

AMAA/Setesdalsmuseet set opp detaljert budsjett som skal godkjennast av eigar. AMAA/Setesdalsmuseet skal ikkje verte økonomisk skadelidande føresett at drifta vert halde innanfor rammene til godkjent budsjett. Eventuelle overskot skal avsetjast til fond.

Kostnadar ut over vanleg drift, f.eks som følgje av offentlege påbod og ekstraordinært vedlikehald (dette er ikkje uttømmende) må eigar påreikne å finansiere.

Ved uføresette hendingar (hendingar som ikkje er del av vanleg drift og som fører til, eller kan føre til økonomiske utlegg) skal AMAA/Setesdalsmuseet varsle eigar straks det er råd. Eigar av D/S Bjoren har ansvar for økonomiske utlegg ved uføresette hendingar som ikkje er del av vanleg drift.

I september/oktober skal det gjennomførast vurderingsmøte for sesongen mellom AAMA, Bygland kommune og Bjoren AS. Som hovedregel skal dette også vere planleggingsmøte for neste sesong. Elles tek både partar kontakt etter behov.

Bygland kommune skal få revidert rekneskap pr anno.

Tvistespørsmål

Dersom det oppstår tvist om forståinga av denne avtalen skal den handsamast av ei nemd på 3 medlemmer. Bjoren AS, AAMA/Setesdalsmuseet og Aust-Agder fylkeskommune oppnemner kvar 1 medlem. Avgjersler i nemnda er bindande for partane.

Oppseiing av avtalen

Oppseiing av avtalen må skje skriftleg med eitt års varsel frå gjeldande år.

Stad:

Dato: / 2018

Aust-Agder museum og arkiv IKS
Avdeling Setesdalsmuseet

Bygland kommune v/ordfører

Rysstad 6.8.2018

Setesdal Regionråd
Postboks 4
4747 Valle

5-årsklassing av DS Bjoren

Innledning

Sjøfartsdirektoratet fastset forskrift om tilsyn og sertifikat for norske skip og flyttbare innretninger. Gjeldende sertifikatforskrift trådte i kraft 1. januar 2015.

DS Bjoren må i løpet av hausten og vinteren gjennomgå ei 5-års klassing. Det meste av arbeidet vert utført av eige mannskap, men til dokumentasjon og spesialistarbeid må ein leige hjelp.

Sjå Vedlegg 1 for kalkulert timeforbruk.

Utifrå vedlagt kostnadsoverslag (Vedlegg 2) basert på tidlegare klassingar vil kostnaden kome på 350.000 kr. + mva. Eventuelle pålegg frå Sjøfartsdirektoratet vil kome i tillegg.

Vi har pr. i dag ingen indikasjonar på at vi må forvente det.

Det er sendt søknad til Riksantikvaren om ei støtte på i alt kr. 262 020,-.

På bakgrunn av dette tillet vi oss å søkje Setesdal Regionråd om eit tilskot på kr. 30 000,-. Bed at eventuell løyving vert sett inn på Bjoren sin konto 2890 13 26594.

Eventuelle spørsmål kan rettast til kaptein Sven Robert Kleppe på mail post@bjoren.no eller tlf. 997 28 698.

Vi imøteser ei positiv handsaming av søknaden.

Med helsing



Anna Stella Karlsdottir
leiar Setesdalsmuseet



Sven Robert Kleppe
kaptein Bjoren

D/S Bjoren 5 års klassing 2019

Arbeidet med 5 års klassing starter umiddelbart etter opptak høsten 2018. Hoveddelen av arbeidet utføres av eget mannskap. Dokumentasjon og noe spesialarbeider utføres av Bredalsholmen. Prisoverslag er tatt med utgangspunkt i: timeforbruk, material kostnader og leieutgifter ved klassing i 2009 og 2014

Kostnadsoverslag

Dugnad 140 timer a 200kr.	Kr. 28 000,-
Egne timer 320 a kr. 260	kr. 83 200,-
Bredalsholmen 150 timer a kr. 660	kr. 99 000,-
Transport/kjøregodtgjørelse, leie av utstyr, innkjøp div deler og materialer	kr. 108 000,-
Prisstigning 10%	kr. 31 820,-
Totalt behov	kr. 350 020,-

Eventuelle pålegg fra Sjøfartsdirektoratet kommer i tillegg

Finansiering:

Egen dugnad 140timer a kr.200	kr. 28 000,-
Bygland kommune	kr. 30 000,-
Regionrådet	kr. 30 000,-
Riksantikvaren	kr. 262 020,-
Tot.	Kr. 350 020,-

13/4 2018

Kalkulert timeforbruk klassing

	Våre	Dugnad	Bredalsholmen	kr.
Slippsetting:		55		kr.11 000,-
Bunnspyling:	15			kr. 3 900,-
Tykkelsesmåling			22,5	kr. 14 850,-
Tot				kr.29 750,-

Del 2

	Våre	Dugnad	Bredalsholmen	
--	------	--------	---------------	--

Bygging av stillas, tilligging og nedvasking i forbindelse med akseltrekk og maskinarbeide:

		50		kr. 10 000,-
Akseltrekk	100		46	kr. 56 360,-
Maskin:	125		55	kr. 68 800,-
Tot:				kr.135 160,-

Del 3

Stillas klargj.:		22		kr. 4 400,-
Demon/mont. styring	50	6	20	kr. 27 400,-
Rengj./kontroll av deler	30	7	6,5	kr. 13 490,-
Tot.				Kr. 45 290,-